



STADANALYSE FOR NORDFJORDEID DEL 1

(fase 1 og 2)


EID KOMMUNE

NORDPLAN AS
prosjekt 9527
oktober 1996

OBS!

I denne rapporten vil omgrepet BY dukke opp i ulike sammenhengar som: Byrom, Bymessig,....

Omgrepet BY har i denne samanheng ingen ting med Bystatus å gjere - det er eit faguttrykk som betyr: Ein bygningsmasse med ein viss tettheit, og med urban karakter. Omgrepet er like gammalt som menneska sine byar, og kan ikkje erstattast av omgrepet TETTSTAD, som er karakterisert ved å vere svært utflytande.



Takk til Totland Libris for lån av postkort.

Takk til dei mange som har brukt tid på å gi informasjon og hjelp undervegs i arbeidet.

INNHALD:

HEILSKAPEN - EIDSDALEN

Frå Skårhaug til Hornindalsvatnet

1. INNLEIING	S. 4
2. HISTORIE	S. 7
3. KLIMA, LANDSKAP OG NATURFORHOLD	S. 8
4. BUSETTING OG NÆRING	S. 11
5. KOMMUNIKASJON OG FUNKSJON	S. 13
6. NATUR- OG KULTURVERN LANDSKAPET SI SÅRBARHEIT	S. 15
7. KONKLUSJONAR	S. 19

NORDEFJORDEID SENTRUM

8. PLANLEGGINGSHISTORIE	S. 23
9. LANDSKAPET SI FORANDRING	S. 30
10. KULTUR- OG NATURVERN	S. 31
11. AREALBRUK	S. 34
12. REGISTRERINGAR AV TRAFIKK-, PARKERING-, GRØNT- OG BYGNINGSSTRUKTUR	S. 35
13. BYGGJESKIKK	S. 43
14. BYEN SITT ROM	S. 51
15. STRUKTURAR OG ELEMENT SOM MÅ TAKAST OMSYN TIL I FRAMTIDA	S. 55
16. VIKTIGE SPØRSMÅL SOM DENNE ANALYSEN REISER	S. 57

VEDLEGG

Stadanalyse Nordfjordeid sentrum, Fase 1: 22 sider

1. INNLEIING OG MÅLSETTING FOR RAPPORTEN

Her vert den arbeidsmetode som ligg i stadanalysen presentert. Stadanalysen vert sett inn rett samanheng sett i høve til det overordna kommuneplan- arbeidet i kommunen.

Ein stadanalyse er systematisering av kunnskap for å forstå staden. Metoden tek utgangspunkt i Miljøverndepartementet sin rettleiar, trykksak nr. T-986 «Stadanalyse -innhald og gjennomføring». Målet med analysen er å kartlegge:

- 1) Historisk utvikling (DEL 1)
- 2) Noverande situasjon (DEL 1)
- 3) Framtidige utviklingspotensiale (DEL 2)
 - a) for opprusting og utvikling av tettstaden slik den framstår i dag, og
 - b) for potensielle nye utviklingsareal

Dette stadanalysearbeidet for Nordfjordeid sentrum DEL 1 omhandlar pkt. 1 og 2. Eid kommune ynskjer ikkje at pkt. 3 skal vere med i denne rapporten.

Arbeidet omfattar området mellom Skårhaug / Os og Hornindalsvatnet, dvs. sjølve Eidsdalen, med fokus på Nordfjordeid sentrum.

Arbeidet skal danne grunnlag for kommuneplan og reguleringsplanar for det same området.


Analysen er utarbeidd av Nordplan AS ved sivilarkitekt MNAL Karen Monnet og sivilingeniør Svein Rotevatn.



Plansjef Ole Ingar Hæreid og Plan og økonomisjef Gerd Fløde Bjørlo har vore kontaktpersonar i Eid kommune sin administrasjon. Det er gjennomført intervju med ei rekke innbyggjarar og lokale organisasjonar. Desse har kome med gode innspel i arbeidet.

Stadanalyse DEL 1 handlar om dei fysiske omgjevnadene som vi lever og bevegar oss i kvar dag. Den tar utgangspunkt i konkrete kontrollerbare fakta, basert på plan- og kartmateriell. Ei rekke arkitektfaglege analysemetodar er nytta for å avdekkje kvalitetar og problem, som forhåpentlegvis vil bli bearbeidde til planar for betre stadsforming.

HEILSKAPEN - EIDSDALEN



Nordfjordeid

Eidsdalen

HEILSKAPEN - EIDSDALEN

2. HISTORIE

Ei kortfatta beskriving av dei forhold, hendingar og beslutningar som påverka utviklinga.

Nordfjordeid er frå gamal tid ei landbruksbygd med frodige gardsbruk inn over Eidsdalen.

Vikingegravhaugane i sentrum dokumenterer fortida sine storfolk.

Klyngjer av hus høgt på kvar haug er stadig karakteristisk for det gamle kulturlandskapet.

Kyrkja i strandkanten og rekka av tettbygde hus langs gata er heilt spesiell for Nordfjordeid, (her i fylket finst liknande situasjon berre i Lærdal).

Bakgrunnen for den uvanlege bebyggelsen som framstår som «gata», er den gamle militærplassen ved elva. Den er den eldste militære ekserserplassen i Noreg, med aktivitet attende til 1600-talet. Den militære aktiviteten krevde spesielle tenester, som t.d. børsemakar, sadelmakar, skomakar, bakar etc.

Strandkanten med den minst produktive jorda var truleg det areal som lokale bønder lettast kunne avstå til formålet.


Den store tilstrøyming av folk til militær trening har skapt stor handel og annan aktivitet. Soldatane var privat innkvarterte, og betalte for seg. Dette har ført til pengeøkonomi i Eid tidlegare enn i andre liknande bygder. Koner og kjærestar kom også på besøk. Såleis har eidarane frå gamal tid motteke impulsar frå framandfolk som gjesta staden for ei tid. Denne trafikken har truleg gjeve mange impulsar til staden si utvikling og tenkemåten til innbyggjarane.

Aktiviteten i «gata» saman med statlege institusjonar og spesialtenester var tidleg med på å utvikle ein urban kultur på Nordfjordeid.

Nordfjord sjukehus vart etablert i 1936, gymnaset i 1922 og Fjordane Folkehøgskule i 1975. Saman med idrettshus og symjehall, ungdomsskule, barneskule, eldretun, sjukeheimen og Norsk Fjordhestsenter, har det utvikla seg ein offentleg helse- og kulturakse på nordsida av Nordfjordeid sentrum. Samstundes er det vakse fram bustadfelt i Prestemarka og Myklebuståsen slik at denne aksen faktisk ligg sentralt til på Nordfjordeid.

Det store samferdsle gjennombrøt kjem med tunnelen mellom Nordfjordeid og Lote 1963. Saman med ferja Lote-Anda skapte den enklare samband på tvers av Nordfjorden, og for så vidt også med resten av fylket. Ein konsekvens av denne utviklinga var vel at Nordfjordeid vart utpeika til regionsenter i Nordfjord, ei avgjerd som i ettertid har tilført staden en del vitalitet. Ein annan konsekvens var at steinmasse frå tunnelen vart plassert som ei demning (sjøgate) langs heile stranda. Denne barrieren verna gate-bebyggelsen mot sjøen, som kunne gå heilt opp i


Eidsgata, men den skar av sambandet til sjøen. Stranda er borte. Sjøgata er no ei av tre parallelle gater gjennom sentrum. Det potensialet som låg i å planlegge for ei reingjering og utnytting av den neddemde stranda, er aldri blitt tenkt på. Ein ynskte ei landevinning og fekk ca. 300 parkeringsplassar, men mangel påstrandkontakt er framleis eit stort tap. Nordfjordeid sentrum har vakse i takt med dei betra vegsambanda. Industriområdet i Malakoff og i Øyane er bygde ut og parken ved Hærmuseet er nesten intakt. Denne plass - planlagd og tilplanta av tyskarane - er i dag ein vakker og særprega park som tilfører Nordfjordeid sentrum ein stor kvalitet. Fyllinga nord for Fargarelva vart ikkje det industriområdet som den var tiltenkt. Areal er omregulert til serviceområde. Området er no i ferd med å utvikle seg til eit fint grønt camping- og reiselivsområde. Areal for evt. framtidig industri er regulert på sørsida av fjorden, mellom Os og Taklo.



3. LANDSKAP, KLIMA OG NATURFORHOLD

Landskapsformer og geologi som er ressursar og naturverdiar og som samtidig er basis for livet på staden. Desse skal forvaltaast og takast vare på av omsyn til livet og økonomien i framtida.

Normale og ekstreme klimaforhold som ein må forholde seg til.






Utgreiing av breranda under hovedstadiet.

Randmorene

GEOLOGI OG TOPOGRAFI:


På hovedstadiet under siste istid, nådde isfronten fram til vestenden av Hornindalsvatnet. Den pressa ei stor endemorene framføre seg. Havet stod høgt i Eidsdalen og har etterlatt avsetningar med ei øvre (marine) grense som grovt sett tilsvarar den grensa vi i dag ser som skille mellom dyrka mark og skog. Steingjerde markerer denne grensa mellom utmark og innmark. Etterkvart som isen trekte seg tilbake og landet løfta seg, har smeltevatn frå breen avsett store mengder av lausmasse (sand/grus/stein). Denne morenemassen er igjen blitt bearbeidd og flytta rundt på av elvar og bekkar. Dalbotnen framstår i dag med tydlige spor av gamle elveslynger og elveskrentar. Dalbotnen stig ca. 50 meter frå Eidsfjorden til Hornindalsvatnet. Den er med sine bakkar, haugar, smådalar, raviner, skrentar og dødisgroper ei heilt spesiell oppleving. Eidsdalen framstår som ein fullskala-dokumentasjon på korleis naturkreftene gjennom titusenar av år omformar og bearbeider natur og landskap.





VEGETASJON

Hav-, bre og elveavsetningane skaper grunnlag for god landbruksjord. Inn over dalen er dette også hovedinntrykket. I utmarka, der sand og grusavleiringar eller for vanskeleg terreng hindrar rasjonelt jordbruk, veks skogen.




DALEN SITT ROM

Eidsdalen sitt hovedrom er ein U-forma dal med rette bratte samanhengande sider. I dalbotnen opplever ein Nordfjordeid sentrum og Leivdal som to store rom. I mellom desse er der utallege rom avgrensa av den særeigne topografien. Hovedinntrykket, når ein reiser gjennom dalen, er «mange verdener». Myr, skog og jordbruk, rik vegetasjon, mange «herligheter» - i liten skala, men svært fasinierende som kontrast til det store dalrommet med dei mange setrar og fjellvidder.

KLIMA


Nordfjorden med Eidsfjorden går i rett austleg retning inn mot Nordfjordeid. I forlenginga av denne aksen går Eidsdalen med Hornindalsvatnet vidare austover. Der er inga hindring for vestavinden undervegs. Alle som var her, hugsar orkanen nyttårsnatta 1991/92. Den minte oss på at vi ikkje rår med dei store naturkreftene.

Nordfjordeid har lokalt fjordklima med mykje regn og skodde. Framherskande vindretning er aust/vest gjennom Eidsdalen. På sommarstid er solgangsbrisen på ettermiddagstid ein faktor som kan gjere det vanskeleg å nyte solrike dagar. Denne vinden oppstår når sola varmar opp dalbotnen. Varmlufta stig til vers. Dette skaper eit undertrykk langs bakken som utløyser eit sug av luft inn frå fjorden.



3-dimensjonalt kart frå Statens Kartverk

Regionalklima - Sommarvind
Hurtig oppvarma land (luft stig opp) drar kjølig luft inn frå sjøen.



Lokalklima
Natt og morgon vert kald luft trekt ut frå dalbotnen

På ettermiddag og kveld stig varmluft opp

Regionalklima - Vintervind
Sjøen er varmare enn landet. Varm sjøluft stig opp
Det oppstår undertrykk over sjøflata, kald luft trekker ut frå land.

4. BUSETTING OG NÆRING

Korleis busetting og næring har utvikla seg, frå spreidd gardsbusetting til fortetta handelsbusetting i Eidsgata, og vidare til industri og service med bustadfelt plassert oppe i utmarka.

Busettinga på Nordfjordeid har frå gammal tid vore gardsbruk i klyngjetun, oftast lagt på «haugen», slik at gjødsel kunne spreia ned over bakkane. Ved utskiftinga vart gardane spreidd jamnt utover dalen, og der ser ut til å ha vore haugar nok til alle. Framleis er gardstunet på haugen det biletet som framstår som typisk for store deler av dalen mellom Eidsfjorden og Hornindalsvatnet.

Fra militærplassen si etablering på 1600-tallet startar ei utbygging av småhus i strandkanten. Dette vart seinare til «Gata» og «Tverrgata».

Nordfjordeid hadde difor frå langt tilbake ei blanda befolkning av bønder, handtverkarar, handelsfolk og seinare skulefolk og helse/sjukehusfolk.


Etter andre verdskrigen starta industriutbygginga.

Denne vart etterfølgd av tettare bustadbygging, f.eks. i området rundt Alléen.

På både Henden og Kohmann sine planar fra 1950, som har forskjellige forslag til plassering av hovudveggar gjennom Eid, ser ein korleis ein tenkte seg bustadbygginga spreidd ut over alle markene rundt sentrum. Bustadbygginga kom til å utvikle seg langsamt frå sør.

På slutten av 60-talet kom det igang industriutbygging i Malakoff og i Øyane. Kommunen opplevde ein vekst som utløyste behov for bustadar og skular.


Utbygginga i Prestemarka var i gang, på slutten av 70-talet måtte også området Myklebuståsen takast i bruk til bustadformål. Nordfjordeid barneskule frå 1966 får følgje av folkehøgskule, ungdomsskule og idrettshus. Gymnaset vart utbygd i fleire omgangar fra slutten av 60-talet. Skuleanlegga på Nordfjordeid framstår i dag



som kanskje det finaste samla skuleområdet i fylket. God arkitektur i eit bra parkanlegg. Busettinga er no hovedsakleg fordelt på flata bak sentrum og opp over åsen på solsida, medan industri

og anna næring ligg i sentrum mot sjøen og sør i vinterskyggen ved Eidselva. Aust i Eidsdalen ligg Firda Kaserne, barneskule og bustadfelt i Mogrenda.

12 Nordfjordeid Stadanalyse Del1



5. KOMMUNIKASJON OG FUNKSJON

Den historiske utvikling av kommunikasjoner på sjø og land, korleis dette har påverka arealbruken med press på områda langs dei nye vegane. Her er sterke interesse motsetningar på gang (landbruksinteresser / næringsinteresser). Det vil vere nødvendig med grundige vurderingar og kanskje også nytenking for ikkje å gjere uopprettelege feil slik ein ser har blitt gjort andre stader.


KOMMUNIKASJON

Fram til opninga av Lotetunellen 1963 hadde Nordfjordeid best kommunikasjon aust-vest, til Stryn, Måløy og Bergen. Mot nord kunne ein kome til Volda gjennom Stigedalen. Mot sør måtte ein ta båt til Sandane eller køyre via Stryn.

Tunnel- og ferjesamband mot sør var ein revolusjon for samferdsle i Nordfjord.

Nordfjordeid kom inn som kryssingspunktet for RV1 og RV15 (som er eineste heilårs aust-vest samband i fylket). Seinare kom sambandet Skei-Sogndal-Lærdal. Nordfjordeid ligg såleis som det nordlege punkt på diagonalen mellom Nordfjord og Sogn.

Fjærlandstunellen og sambandet Mannheller-Fodnes (opna 1995) til Lærdal vil kome til å påvirke utviklinga på Nordfjordeid. Effekten vil avhenge av at Rv1 går via Eid kommune..






FUNKSJON


Med overgangen frå sjø- til landbasert transport fekk Nordfjordeid gjennom 70- og 80 talet ei industri- og bustadutvikling tilsvarande andre tettstader «langs vegen». Utviklinga har vore mest konsentrert rundt sentrum, med industriutbygging i sørlege delen og skule- og anna offentleg utbygging samla mot nord i ein «akse» mellom sentrum og bustadområdet i «åsen». Det spesielle for Nordfjordeid er at ein framleis har eit konsentrert sentrum, der ein ikkje er i tvil om at ein er «komen fram» når ein møter Skipenesbrua, rundkøyringa ved Korsen eller Essostasjonen på Nordøyane.

Avhengig av kvar framtidig Rv1-tracé blir lagd, skulle det vere mogleg å halde fast på denne konsentrasjonen, utan å «klatte» næringsbygg ut langs vegane slik det har skjedd andre stader.

Den einaste «satelitt» som har vakse fram i Eidsdalen, er skule og bustadområdet i Mogrenda. Ein kan med fordel bygge vidare på dette mønsteret, slik at der er konsentrasjon av menneskeleg liv og aktivitet einskilde stader, medan landbruket får ha sitt produksjonsareal i fred. Det vakre gamle kulturlandskapet er med på å understreke det tette Nordfjordeid.

Ei slik haldning til arealbruk er vesentleg for utnytting av eksisterande infrastruktur. Fortetting av bustadbygginga blir av areal- og ressursbruk nødvendig. På sikt vil utviklinga kunne danne grunnlag for eit ringbussystem, som reduserer den stadig veksande privatbilbruken «til og frå» skule, butikk- og fritidsaktivitetar.





Kart over Eid 1969

6. NATUR- OG KULTURVERN

Omhandlar vern i svært vid forstand, frå offentlege vernetiltak til mange små detaljar som er ein del av ein stad sin identitet og «herlighet» (stranda som vart vekke - den vesle gamle steinbua over bekken - vaskeplassen og det gløynde kvinneliv her - løyndomen, staden der du leika som barn - stranda i Osvika osv.)

Stranda har gått tapt fordi det var enkelt og greit å plasere tunnelmasse akkurat der. Kort tid etter bygde ein Lotevegen. Såleis fekk ikkje Sjøgata den funksjon den var tiltenkt. I 30 år gjekk noko verdfullt tapt utan at ein fekk noko igjen - berre fordi det var billeg tilgang på fyllmasse akkurat der og då. Sjøgata er fint opparbeidd no, sjølv om det framleis er eit stort tap at tilkomsten til sjøen er blokkert. Ein kan stille spørsmål til om dei mange ledige parkeringsplassane erstattar tapet av den «herlighet» som stranda var?

Med dette ynskjer vi å peike på kor viktig det er å tenke langsiktig og grundig gjennom konsekvensane av små og store tiltak. Dei store kan straks synast å vere ein fordel, men på sikt vise seg å vere katastrofale for heilskapen og staden - dei små syner ikkje så mykje att kvar for seg, men tilsaman har over tid store «herlighetsverdiar» gått tapt.



III. I Arendal arbeider ein med å gjenskape/grave opp kanalen i sentrum. Med dagens teknikk kan det tapte gjenskapat.



Å VERNE og TA VARE PÅ har ulike tydingar, men formålet for alle, må vere å ikkje misse «det» for framtidige generasjonar. Natur- og kulturelement, gjenstandar og bygningar kan misse sin verdi fordi dei ikkje lenger er nødvendige i det daglege liv, fordi dei er «urentable» i ein produksjonssamanheng, fordi dei står «i vegen» for utviklinga.

Vi bør bli flinkare til å spørre om dei kan brukast til noko anna, om bygg kan moderniserast, om steingarden kan byggast inn i det nye anlegg og vere ein bit av historia, om naturkvaliteten kanskje ville vere ein større attraksjon enn den hurtige rydding med store maskiner.

LANDSKAPET

Landskapet i Eidsdalen har mange varierte kvalitetar som med dagens teknikk kan gå tapt «over natta». F.eks. er Lunden ikkje lenger ein haug, men eit «skal omkring eit hol». Næringsinteresser synest alltid å kome først, medan konsekvensane for framtida skjeldan er gjennomtenkt - og kva skulle ein forresten med ein spesiell naturkvalitet i sentrum, når ein har så mykje natur rundt. I det tettbygde Nordfjordeid sentrum ville det for framtida ha vore ein stor kvalitet at ha så stor ein haug, eit kveldstur- og leikeområde og eit utsiktspunkt. Men Lunden er slett ikkje uinteressant for framtida. Kanskje fins der måtar å nytte den på, som ikkje blokkerer for framtidige behov.


Andre stader i Eidsdalen er der liknande grusuttak, som er meir eller mindre i drift. Når drifta stoppar, er det mogleg å bearbeide områda, slik at naturen kan overta, eller at annan bruk kan finne stad. Kulturlandskapet, dyrka mark med steingardar og hus i klyngjer, som framleis strekkjer seg inn til sentrum, har stor «herlighetsverdi» i seg sjølv.



Strandsona med elvedelta og badeplass er påført stor skade, men er i ferd med å bygge seg opp att. Fuglane et og hekker der. Fisken går til tider nesten på land. Vi kan hjelpe til med gjenoppbygginga og sjølve få glede av den. I alle fall må stranda gjerast tilgjengeleg på ein annan måte enn no.

Laksefisket i Eidselva medfører at der er stor merksemd omkring elva sin «helsetilstand», medan der er mindre merksemd omkring elva med sitt nærområde som ressurs for rekreasjon og turgåing. Elva er lite tilgjengeleg. Lett trim og mindre stianlegg langs deler av elva ville gjere underverk. Slike «grøne» turløyper er vesentleg for trivselen i eit tett sentrum.

Likeeins bør fossar, myr- og våtmarksområde takast vare på som naturkvalitetar og som spesielle biotopar.



KULTURLANDSKAP

Kvar tid har sitt kulturlandskap, avhengig av sine produksjonsformer. Det er naturlegvis ikkje mogleg å fikse ei fortidig form overalt, men einskilde stader bør ein nok vurdere å gjere eit bevisst val for å bevare både fortidige og notidige kulturlandskap som setrar, slåtteeing med blomster, einehagar og almhaugar - om dei er truga av bevisst forfall eller unødvendig nedlegging.

Parken ved Hærmuseet er også eit verdfullt kulturminne, sjølv om det for mange er det vondt å bli mint på tyskarane sitt nærvær under krigen. Alléane dei planta dannar no eit vakkert og stramt parklandskap som er skjeldant i Norge. Dei presise grøne romma framstår som ein fin kontrast til dei tradisjonelle småhusa som i dag rommar Hærmuseet - men kvinnehistoria manglar. Samkvemet mellom vaskeplassen og militærleiren kunne synleggjerast på ein spennande måte.

KULTURMINNE

Ingen er i tvil om at gravhaugane på Myklebust er viktige kulturminne, og ein privat tanke på korleis ein sjølv kunne tenkje seg å etterlate spor for ettertida, har vel vore oppe, då det vart reist bauta på Lund no i sommar. Men vi gløymer fort den nære fortid. Eldre spor etter aktivitet forsvinn ofte i perioden då den ikkje lenger er ein del av produksjonen. Vedlikehaldet vert forsømt. Vi ser døme på at oppmerksomheita vert skjerpa når forfallet vert pinleg synleg. Det kan vere håp om at yngre generasjonar ser verdien av å bevare synlege spor etter sine bedsteforeldre og livet i «gamle dagar» sjølv om desse kulturminna ikkje er frå ei oldtid. I Stryn har ein etablert ein «kultursti» på grunnlag av slikt arbeid.

Ein tenkjer kanskje ikkje på det, men skigarden / steingjerdet som strekkjer seg i heile dalen si lengde, og skiller utmark frå innmark, er i sin skala like så imponerende som Den kinesiske Mur.

BIOTOPAR / PLANTAR / DYR

Ikkje alt kan bevarast når moderne menneske sine behov trengjer seg på. Men viss det kan finnast ei meir varsam løysing - ved å tenkje seg om ein ekstra gong og kanskje no og då finne ut av at ein faktisk fekk seg forært noko ein ikkje var merksam på. Då ville kanskje utrydding av plante- og dyreartar pågå noko langsamare (Det lyder ille sagt på denne måten, ikkje sant !)

FORUREINING

- pågår kontinuerleg, i fullt dagslys. Det må ei skjerpa merksemd og ei grunnleggande haldningsendring til mellom folk for å fremme og bygge opp under offentlege tiltak
- i smått og stort.

LANDSKAP

- 1 -Strandsone
- 2 -Elvedelta
- 3 -Badeplass
- 4 -Lunden, haug og grustak
- 5 -Elvekantar med stiar
- 6 -Myr
- 7 -Fossar
- 8 -Våtmark med furuøyar, t.d. Bjørlomona

KURTURLANDSKAP

- 9 - Setra
- 10 -Einerhage
- 11 -Slåtteeng med blomster
- 12 -Almhaug (lauv sinking)

KULTURMINNE

- 13 -Gavhaugar frå Vikingtida m.bauta
- 14 -Steinbru
- 15 -Steingard, i heile dalen si lengde, skiller utmarka og innmarka.
- 16 -Vaskeplassen til Eksersisplassen
- 17 -Steinhus
- 18 -Staurlade
- 19 -Kvernhus, mølle
- 20 -Fjøs i steingard
- 21 -Gamle brygger

BIOTOPAR /PLANTAR

- 22 -Gamle tre må takast vare på
- 23 -Myr
- 24 -Område med bær
- 25 -Furuskog på glacifluviale avsetningar (urskog)
- 26 -Liljekonval
- 27 -Område med stort mangfald, varmekjære vekstar, må brukast med varsemd.

DYR


- 28 -Fuglar i Strandsone
- 29 -Fuglar i elvedelta
- 30 -Fuglar hekkar på Storøyna
- 31 -Amfibium, frosk o.a.

STIAR - SAMANHENGAR

- 32 -Ny bru
- 33 -Skogsveg
- 34 -Sti, bygdeveg

FORUREINING

- 35 -Kreosotstolpar opplagra på elvekant
- 26 -Tøming av asfalt og betong



Med dei maskiner som i dag står til rådvelde blir store landskapsformasjonar forandra nesten «over natta». Den særlege haugen eller dalen kan vere borte neste gong du kjem forbi. Vi må gje dei spesielle stadane omtanke, slik at vi kan ta stilling til om dei bør vernast når tiltak trengjer seg på - om dei kan innarbeidast i planane og vere eit pluss, og ikkje berre forsvinne fordi ein ikkje tenkte seg om.

Vern og Reiselivsnæring.

Denne registreringa er utført av Naturvernforeninga i Eid, og er eit første bod om å ta vare på dei Naturskattane som Eidsdalen goymer på. Der er mange, mange fleire. Viss dei blir tekne vare på og gjort tilgjengelege, kan tilflyttarar og gjestar ha glede av å reise rundt og sjå på dei. Turisten vil nyte landskapet og stoppar kanskje eit par dagar ekstra.

Om der fantest kart som viser kvar ein kan fiske, kvar ein finn kulturminna (også dei små daglegdagse), oversyn over lette og vanskelege turveggar, korleis ein kjem seg opp til setrane osv. - og viss ein evt. kunne leige sykkel og utforske omgivnadane, i sitt eige tempo - så blir ein kanskje nokre dagar lenger. I bil opplever ein kun dei store trekk. På sykkel og med hestevogn opplever ein mykje meir.

LANDSKAPET SI SÅRBARHEIT

Våre inngrep i landskapet er store og går fort, enten vi tar noko bort eller bygger til.

I nokre landskap vil inngrep føre til dramatiske forandringar, i andre kan det same inngrep gli inn utan at hovedinntrykket blir særleg endra. Vi kan kalle dette for «landskapet si sårbarheit».

Eit landskap er sårbart på mange måtar, men her vil vi nøye oss med å sjå på den visuelle sårbarheit. På langt sikt veg den økologiske sårbarheita mykje tyngre, men den visuelle er den mest iaugefallande akkurat no.

Vi opplever ikkje landskapet som eit stort samanhengande område utan at vi flyr eller kjem inn i det fra stor høyde. Vi ferdast som oftast nede i landskapet, og opplever at vi flyttar oss frå rom til rom. Kvart rom er som i eit hus med golv og veggjar. Endringar vil virke inn på rommet, men ikkje alltid utanfor rommet.

Landskapet si sårbarheit omhandlar landskapet si evne til å ta opp i seg endringar utan å forandre hovedkarakteren i det beståande. Sårbarheitskartet er ikkje eit kart som viser kvar ein skal bygge og kvar ein skal la vere. Det fortel kvar i landskapet ein må vise spesiell varsemnd når en gjer inngrep eller bygger ut. Sårbarheitskartet tar ingen omsyn til bruken av områda i dag. Det er eit kart som omtalar den visuelle virkninga av eventuelle inngrep.

SVÆRT SÅRBART FOR INNGREP

Området omfatter strandsona langs fjorden og Hornindalsvatnet. Dalbotnen innover, spesielt langs

vegane er også svært sårbar for inngrep. Det er i dette landskap reisande og dagpendlarar ferdast mest. Endringar her bør kun gjerast med omtanke. Ein vesentleg del av Nordfjordeid sin særlege stadsidentitet ligg i dette frodige landskapet.

SÅRBART FOR INNGREP

Sona viser delar av dalbotnen og dalsidene. Det kuperte terrenget skjermar mange område mot innsyn fra vegen, men dei kan sjåast frå andre plassar, så her trengs det omtanke med innpassing i terreng og/eller avskjerming med treplantning. Lisidene står fram som veggjar i landskapsrommet og inngrep her vil vere synlege over heile rommet. Sjølv punktinngrep kan ha innverknad på heile landskapsrommet.

MINDRE SÅRBART FOR INNGREP

Sona omfattar først og fremst allereie utbygd område, der inngrep vil få liten innverknad på landskapsrommet. Totalinntrykket vil ikkje bli vesentleg endra ved utbygging, vel og merke i dimensjonar som harmonerer med eksisterande bygningar.

Eit skrekkeeksempel:

Der foregår diskusjonar om ein bør bygge ned sandressursar. Desse diskusjonane bør ikkje kun handle om den økonomiske no-verdi av desse områda. Der er mange andre verdiar som i første omgang kanskje ikkje ser så vesentlege ut, men som når dei er borte kan vere eit stort tap i det samla biletet. Heile Eidsdalen er i den forstand ein sandressurs. Det er ikkje umogleg å forestille seg å grave all matjorda vekk, fjerne alle sandhaugane og få ein flat lett dyrkbar dal. Mykje ville vere lettare, og mange pengar ville vere tent ved sal av sanden, men dalen sin karakter ville vere borte, det småkuperte landskapet med dei mange historiske spor av naturen sitt arbeid ville vere utradert. Ville det vere eit tap?

Ein vanvittig tanke, ikkje sant!


Men mange små «tap» tel også. Landskapsbiletet er sårbart. Naturen rekk ikkje å følgje med i det tempo vi no endrar omgjevnadane med. Dette gjer også trongen for å stille krav til ferdigjering/opprydding etter inngrep mykje større enn før.

MINDRE SÅRBART

SVÆRT SÅRBART

SÅRBART

Sårbarheitskart - prinsipp



7. KONKLUSJONAR

2. HISTORIE

Nordfjordeid og Eidsdalen er rik på historie og synlege kulturhistoriske minne. Nokre blir tekne vare på, andre står framføre restaurering og mange forfell pga. manglande omsorg og bevisstheit om deira verdi.

3. KLIMA, LANDSKAP OG NATURFORHOLD

Typisk vestlands-fjordklima med mykje regn, med ein frodig landbruksdal i eit vakkert variert og lett tilgjengeleg fjellandskap. Kort veg mellom sjø, bre og vakre vatn.

4. BUSETTING OG NÆRING

All bebyggelse konsentrert omkring Nordfjordeid sentrum, med kun ein skilde næringsforetak spreidd ut langs vegane. Busettinga frå Skårhaug til Myklebuståsen danner ein samanhengande heilskap i lia mot nord, over sentrum, supplert av «sattelitt-busettingar» i Hjelle/Mogrenda-området og ut langs fjorden på Haugen/Naustdal, Kjølsdalen etc.

5. KOMMUNIKASJON OG FUNKSJON

Vegnettet utviklar seg stadig. Vegvesenet sitt val av framtidig trasé nord/sør vil få innverknad på utviklinga i Eid. Viss RV1, som no nyttar Lotevegen, får ny trasé frå Lotetunnelen, vil det fredeleggjere sentrum for ein del tungtrafikk, men også legge nytt press på landbruksareal til næring langs den nye vegen.


6. NATUR OG KULTURVERN

Eid er rik på verdiar, men folk flest er ikkje i tilstrekkeleg grad merksame på kor sårbare mange av desse verdiane er.


Om ein sår på det samla natur- og kulturtilbodet, f.eks. ut frå eit reiselivssynspunkt, og etablerte tur- eller ride-/køyrestiar i Eidsdalen, så kunne vern og tilgjengelegheit/beskyttelse kome inn i ein større samanheng.

Det må til ei bevisstgjerjing omkring natur- og kulturverdiane for at desse skal kunne sikrast for framtida.





Den grøne dal rekk inn i sentrum av Eid



Bygningsmiljø som bør takast vare på

OVERORDA PRINSIPP SOM BØR BEVARAST / FORSTERKAST

NATUR- og KULTURLANDSKAPET

Den grøne dyrka dalen, som enno har få «sår», er karakteristisk. Den må takast vare på og

vidareutviklast. Ved inngrep, må det stillast krav til opparbeiding og beplanting. Nye tiltak må ikkje skjemme, men bli eit bidrag til heilskapen. Kvalitet tiltrekker kvalitet - og den gir status. Den grøne dal fortset inn mot sentrum, gjennom «skuleparken», og når nesten sjøen ved Kyrkjeparken.

Sjøgata er ei barriere mellom sjø og land, og dette må det gjerast noko med.

Grøntområda «når» inn til sentrum i området Lunden/Myklebustmarka/Gravhaugane, Eidselva ved Eid stadion og Plassen/parken ved Hærmuseet. I dei seinare år er sentrum tilført store visuelle kvaliteter i form av grøntanlegg langs Rv1/15 og Sjøgata. Parkane ved kyrkja og rådhuset er eit ekstra pluss.

Til tettare sentrum blir bygd ut, til viktigare vert desse grøne lungene. Til eit visst punkt er det godt nok at dei liksom berre er der, men intensivt bruk krev høgare opparbeidingsgrad. Kvaliteten på områda er viktigare enn storleiken.

BYGNINGSMASSEN

Nordfjordeid, som moderne tettstad, liknar på mange andre. Men det spesielle ved staden er at den er tettbygd og temmeleg presist avgrensa. Dei fleste andre er utflytande slik at ein ikkje rett veit når ein er komen fram.

I Eid kommune er 3 bygningar freda: Leikvin, Yris Hotel og Myroldhaug. I den forholdsvis moderne bygningsmassen er der mange større og mindre grupper av gamle hus og tun som bør takast vare på. Ingen er i tvil om at Eidsdalen bør gjennom forsiktig modernisering kunne takast vare på for ettertida. Alt for mykje er rive, fordi det var lett vint - sånn umiddelbart. Eid, med si rike historie, må ta vare på dei fysiske minna, alt anna blir borte over tid.

NORDFJORDEID SENTRUM




Dette biletet er eit postkort som synér Nordfjordeid sentrum frå gamlebanken, nédst i høgre hjørne nord til kyrkja. Her syner godt korleis strandlina var før Sjøgata vart bygd. Harstad Kunstforlag har enerett på biletet. Det er utlånt av Lillemor Rivenes.


8. PLANLEGGINGSHISTORIA

Kartet frå 1924, teikna i 1896 av premierløytnant Nils Ruud og seinare revidert av Generalstabten, viser oss landbruksbygda Nordfjordeid, med den tette busetnad i strandkanten.


Eidskata er opstått på grunn av militærplassen sitt behov for tenester som børsemakar, sadelmakar, skomakar, bakar etc. Plasseringa og den tette busetnad heng først og fremst saman med at bøndene heller ikkje den gong ynskte å selge produktiv mark.




Kyrkja var landemerket.
Gata var sentrum, med
Eksersisplassen som eit dynamisk
grunnlag for dette.
Kaia var trafikkknutepunkt i
møtet mellom sjø- og landtrafikk.



Ca 1940 teiknar landmålar Hjørnevik eit eigedomskart over Nordfjordeid, der ein ser planlagde vegar og omfanget av bustadbygginga.



På 1960-talet diskuterte ein korleis den nye vegen frå Lotetunnelen skulle først gjennom sentrum. Statens Vegvesen ville ha Sjøgata som hovudveg, medan Eid kommune ville ha Lotevegen - tanken var å gjere Lotevegen til ei stor handelsgate. Det sette Vegvesenet seg imot. Sjøgata vart bygd som skjerming mot sjøen, i tillegg til at den gav nytt sentrumsareal - eit areal som vart liggande brakk i bortimot 30 år. Etablering av Sjøgata kunne gjerast billeg fordi vegvesnet måtte bli av med masse frå tunnelbygginga.



Diskusjonen om tracé for noverande riksveg 1 og 15 stod mellom to forslag utarbeidd av arkitektane Arne Henden og Hugo Kohmann.

Henden foreslår at vegen frå Stigedalen vert ført inn inn frå Korsen, sør om Lunden og fram til Sjøgata sør for Bedehuset. Denne løysinga ville i dag ha gitt sentrum eit alvorleg trafikktrykk, og barrieren mot sjøen ville blitt endå sterkare enn i dag.



ark. Hugu Kohmann

Kohmann foreslår å føre trafikken utanom sentrum - frå Korsen til Fagarbrua og frå Skipenesbrua til eit punkt nord for kyrkja. Dette vart gjennomført, med mindre endringar, men altså utan at ein fekk løyve til å gjere Lotevegen til handelsgate.






Foto av Nordfjordeid sentrum 1970

Omkring 1970 utfører Ark. Nic Stabell eit stort Generalplanarbeid for Eid kommune. Arbeidet er svært grundig. Store ressursar vart lagt ned i registreringar, vurderingar og visjonar frå arkitektstudentar frå NTH, der Stabell var lærar. Mykje av dette grunnlagsmateriellet er vel aldri sett på Eid. Det vart bygd modell av sentrum. Modellen er visstnok borte, men foto av den fins enno. Modellen syner Stabell sine framtidsvisjonar for Nordfjordeid.



Nordfjordeid 1970



Nic Stabell sin plan


Nic Stabell sin visjon av Nordfjordeid sentrum 1970. Sjå også modellfoto.

Nic Stabell gjer Eidsgata til gågate med parkering på aust- og vestsida. Tilkømt fra Sjøgata og Lotevegen. Mange av husa i Gata er på modellen utskifta med nye. Forestillingane har nok vore at det ville vere trang for ein stor auke i forretningsarealet. Stabell sine byformingselement er omhyggelege og presise. Dei store trafikkareal er avgrensa av samanhengande gangareal. Eidsgata har fått tre torgplassar! Børsemakarhuset er regulert vekk, men Moenhuset ligg fritt på ein torgplass.



Modell av Nordfjordeid Sentrum utført for Nic Stabell på NTH ca. 1970, sett frå sør.

Modell av Nordfjordeid sentrum utført for Nic Stabell på NTH ca. 1970, sett fra nord.



I 1996 ser Nordfjordeid sentrum slik ut. Husa i Eidsgata står framleis, sjølv om nokre er erstatta av nye, større hus, men slett ikkje i den grad Stabell hadde tenkt. Ein stor del av parkeringsplassane er utbygde, men ikkje før 20 år etter Stabell. Til gjengjeld vart det gjennomført eit vakkert grønt oprustingsarbeid langs Sjøgata. Dette vart følgt opp av vegvesenet sitt arbeid med rundkøyningar langs Lotevegen og i Korsen. Eid kommune har vidare bygd ut 2-3 parkanlegg: Maurstadparken og Kyrkje-parken. No er det kun Eidsgata som manglar opprusting.


Nybygging i sentrum har foregått mot sør og aust, kanskje fordi ein på eit tidspunkt ynskte å gjere Lotevegen til ny handelsgate, noko vegvesenet sette seg imot.

Likevel fekk nokre forretningar løyve til å etablere seg langs Lotevegen. Først Englund-/Kalabygget, seinare kom Postbygget (parkering bak) og seinast i 1996, eit forretningsbygg med Rema 1000 i Børsemakarhuset sin eplehage. Etableringane har ikkje blitt styrt mot Eidsgata.

Uansett kor mykje ein offisielt har vedteke at Eidsgata skal vere «handelsgata» i sentrum, så har ein akseptert forretningsetableringar andre plassar - utan å ha teke prinsipiell stilling til konsekvensane av dette.

Frå gamal tid har der vore rivalisering mellom nord- og sørenden av Gata. Utan daglegvarebutikk i nordenden forsvann dynamikken. Nye etableringar i området mot Rådhuset, har berre gjort det verre for handelen.

Bustadane har det heller ikkje for godt. For mange hus står tomme. Bustadkvalitetane er langt under vår tids standard i mange av husa, og det er også tilfelle for bustadhusa sine uteområde.



Vegtrafikken går no mot nord, sør, aust og vest. Sjøtrafikken er sjeldan.

Det dynamiske sentrumsområdet har fått lov å konsentrere seg på tvers av Eidsgata.

Ein offentlig service-akse med bl.a. skulane, er komen istadenfor militæraktiviteten i sør.

Kyrkja er stadig landemerke, men mindre dominerande. No er det den samanhengande sjøfronten som dominerer - positivt når det er mørkt og lysa er vakre - mindre positivt i dagslys. Når trea langs sjøfronten veks til, vil biletet verte meir heilskapleg.

Nordfjordeid 1996

Ein har altså hatt en plan og en hovedidé - ein har skrytt av Eidsgata som den store attraksjonen på Nordfjordeid, men ikkje satsa noko for å fasthalde og utvikle gata sitt store potensiale.

Rema 1000 burde ha vore plassert på den tomme tomte nord i Gata. Det ville ha sikra ny dynamikk, og parkeringsplassane ved kyrkja ville ikkje ha stått tomme på dagtid.

Forretningsutvikling på tvers av Eidsgata har ført til ein del forvirring i forhold til kva som er fram- og bakside.

Tidlegare var der ingen tvil om at Gata var «fasaden». No har nokre forretningar snudd ryggen til Gata med tildekte vindauge og tilfeldige gardiner for personalrom og verkstad, utan å ha fått ein skikkeleg fasade mod Sjøgata, fordi søppel og vareinntak stadig er samla her.

Denne forvirring og mangel på strategi er med på å true Gata sit liv. Uklar profilering verkar ikkje tiltrekkande på dei som handlar, anten dei er fastbuande eller turistar.


Det må ei avklaring til, om heile Eidsgata skal vere handelsgate - eller berre ein del.

Det må regelverk og verkemiddel til for å handheve og fremme det ein bestemmer.

Det må opprusting til for å gjere Eidsgata til den perle eidarane likar at skryte av at den er.

Gata treng liv heile døgeret, noko vel dei fleste er samde om. Men først og fremst må det satsast på fleire bustadkvalitetar, uansett kor mykje handelsaktivitet ein vedtek.

Bustadkvalitetar vil innebere: Gode moderne bustader med utområde som er positive å opphalde seg i anten dei er private, halv- eller heiloffentlege. Born skal kunne ferdast trygt i sentrum. Det utelukkar ikkje bilar, men det stiller krav til tilhøvet mellom bilar og born / folk.



9. FORANDRING AV LANDSKAPET

Sidan 60-talet har landskapet i Nordfjordeid sentrum gjennomgått store forandringer.

Stor tilgang på billeg tunnelmasse gjorde at ein kunne få nytt byggeareal langs fjæra. Konsekvensen var at ein miste stranda. Der er mange meiningar om stranda sin verdi. Nokre meiner at fordi den var dårleg vedlikehalden og tildels forureina, hadde den ingen verdi. Men kva om den no var rein som Seljesanden ? I dag har ei ny strand bygd seg opp. Den er av stor verdi for fugl og fisk, men tilkomsten er problematisk.

Lunden var en vakker haug. På 60- og 70- talet vart mykje masse fjerna, men kantane og deler av haugen står framleis. Den gjenstående - dels innhola haugen - er ein heilt spesiell plass som bør utnyttast med omtanke. Det kan vere eit stort tap om den vert bygd ned. Det er eit generelt problem med vår tids effektive anleggsmaskiner at får ein hand om slike grusforekomstar, er det god «butikk» i å ta ut massane. Dette ut frå reine forretningsmessige vurderingar av grusen som ressurs. Det er liten tradisjon for å vurdere haugen sin eigenverdi som ein stad å vere, som berar av ei kulturhistorie, som område for rekreasjon, som villmark, som landskapselement osv. Verdier som i sum kan vere viktigare for framtida enn kortsiktig forretningsmessig gevinst. Korleis kunne Lunden ha vore som park, eller som urøyd natur ? Veldig attraktivt i et tett utbygd sentrum! Eller kva om Lunden vart gravd bort ? Eit særtrekk ved landskapsbiletet vile gått tapt for all framtid.

Nokre plassar, som f.eks. nedre del av Uldegrova mot Eidselva, har ingen særleg verdi i dagleg tankegang, men som eit spennande leikeareal og punkt på turstien

langs Eidselva, er den ei av mange perler på rad, som kan bli borte i rein tankeløyse.

Nordøyrane-fyllinga er eit nytt landskapselement. Den har fått ei kantete form, og glir dårleg inn i strandsona som landskapselement. Fyllinga vart ikkje det industriområdet den var tiltenkt. Lukkelegvis vil mange seie. No slepp Eidarane å ha eit industriområde som næraste utsikt frå bustadfeltet på Skårhaug og i Prestemarka. I ettertid er fyllinga omdisponert til reiselivsformål. På privat initiativ er den no i ferd med





Foto av strandsonefyllingar

å bli grøn - ein campingplass er komen i drift - og vidareutvikling av området pågår. Men ut frå erfaringane frå denne og liknande fyllingar, må ein stille spørsmål til kva for krav og kva for kvalitetsnivå som må leggst til grunn for ferdigstilling av fyllingar i strandsona. Spesielt gjeld det fyllingsfronten.



10. KULTUR OG NATURVERN

Til tettare sentrum blir, til viktigare er det å ta vare på dei kvalitetar som finst.

Ein er stolte av gravhaugane frå Vikingtida på Myklebust. Rundt desse haugane finst det mange spor i jorda fra menneska sitt levesett tilbake i tida. Ved utbygging i området vert det stilt krav til arkeologisk utgraving/dokumentasjon før evt. byggjeløyve vert gjeve. Området som ikkje er frigjeve for utbygging ligg på begge sider av Lotevegen frå Kyrkja og sørover til Tverrgata. Der har vore tankar om utbygging av bustader på austsida av vegen, dette er også vist i reguleringsplan for Lunden-området som er under revisjon.

Det kan diskuterast når eit kulturmonument / -bygg / -landskap er gammalt nok til å vere verneverdig. Møtet mellom den tettbygde Eidsgata / Tverrgata og den bakanforliggande gøne mark er eit gammalt og heilt spesielt kulturbilete for Nordfjordeid. Dett bør respekterast og vernast mot for stor utbygging og mot bygningar som er ute av skala i forhold til det historiske bygningsmiljøet. Når ein passerer langs RV1 gjennom området er det dette biletet ein hugsar som «Eid». «Baksida» treng ikkje konserverast. For å oppfylle vår tids krav til standard må bygningsrekka utviklast, slik at dei einskilde husa får tilstrekkeleg og tidsmessig areal. Det kan vere til bustad, mindre forretningar eller ein kombinasjon. Kvar lita utbygging/forandring er ein vesentleg del av samanhengen og må planleggast nøye. Det må skapast forståing for at kvar einskild bygning har sin spesielle funksjon i det samla bygningsmiljøet. Ei stripe nye dobbeltgarasjar (som ein kan frykte vil kome langs den nye gangvegen) og eit større museumsbygg vil

være heilt forkjært. Denne bygningsrekka er ikkje kun nabo til ein gravhaug - den har stor eigenverdi som Eidsgata si bakside, den einaste staden ein kan sjå denne eineståande Vestlandske gatebusetnad. Ikkje eingong i Lærdal kan ein sjå den tette busetnad så klart. Som kulturlandskabsbilete bør ein ta vare på dei grøne lommer langs Lotevegen, og gje Myklebustbonden høve til å disponere og drive desse to markene rundt gravhaugane. Som gjennomkøyrande gjest opplever ein dette området som særleg vakkert og historisk verdfullt.

Bygningsmiljøet frå Kyrkja og austover langs gamle Rv1/14 (dei 3-4 Myklebusttuna) bør vurderast likeeins. Gardane har ikkje mykje dyrka mark att, driftsgrunnlaget er borte, men bygningsmiljøet har sin eigenverdi og bør få litt «pusterom» rundt seg ved evt. framtidig utbygging. I det heile er der fleire gamle bygningsmiljø i sentrum som bør skjermast mot nedbygging ved at dei får status som karakteristiske

miljø frå si tid og at framtidige om- og utbyggingsarbeid bør skje med varsemd. Slike bygningsmiljø dokumenterer tilsaman lenger kulturhistorie enn dei einskilte bygningane gjer kvar for seg.

Kulturlandskapet på Plassen / i Malakoff er i si noverande form ikkje så gammalt. Men parklandskapet med sine stramme alléar som ramar inn presise grøne rom, er skjeldsynt i norsk samanheng. Vaskeplassen ved elva bør gjenskapast og dels synleggjere kvinnehistoria ved eksersisplassen, dels bli til ein bade- og opphaldsplass for Eidarane. Resten av området, og då spesielt areala rundt krigsmonumenta treng meir pleie og stell enn tilfellet er i dag.

Ungdomshuset Valhall i nordvestre hjørne av parkområdet er redda frå forfall. Det er ikke tidsmessig som kulturhus, men kan gjerne brukast og vidareutviklast for denslags formål.



Ein har enno ikkje gjort noko med utomhusarealet rundt Valhall. Kommunikasjonen inne/ute er ikkje god. Inntil framtidig bruk er avklart, bør det ikkje skje tiltak som hindrar anna utvikling (f.eks. forkjært opparbeiding av parkeringsplass). Huset si plassering inntil det store friområdet, gjer at det som kulturprosjekt kan ha eit stort utviklingspotensiale.

Eit anna eldre kulturbilete er idrettsplassen i Øyane. Industriområdet på andre sida av vegen er lite fint å sjå på. Ein kan seie at det er karakteristisk for si tid, ei tid då ein ikkje var spesielt oppteken av estetikk, og då ein sjeldan gjorde noko for å skjerme innsynet med vegetasjon. Resten av innkøyrsla til sentrum har fått tre, dei manglar berre her.

Det bør opparbeidast tursti frå Vaskeplassen til Skipenes bru som ledd i et større nett av stiar i sentrum, stiar til å gå, sykle, ride og køyre hestevogn på.


Fargarelva går gjennom eit etterkvart tettbygd område. Ei oppreinsking og tilrettelegging av tursti langs elva ville vere til glede og nytte både for dei som bur her og for gjestar i sentrum. Langs nedste delen av elva har Eid kommune og Statens vegvesen stått for ein fin start ved Kyrkjeparken og ved nye Rv15.

Strandsona er mykje omdiskutert som beiteområde for fugl og fisk. Der er også mange meiningar for og imot stranda sin verdi som badeplass. I realiteten er kanskje problemstillinga for folk flest kjensla av at noko er gått tapt - at ein er avskåren frå å kunne bruke stranda, gleda av å kunne gå langs fjæra eksisterer ikkje fordi stranda ikkje lenger er der. Det vart ikkje bygd gangveg langs vestsida av Sjøgata nord om Totlandskaia. Ein fint opparbeidd gangveg/promenade ville ha tilfredsstilt dei fleste sitt behov for strandkontakt - særleg viss det eit par stader

vart lagt trappetrinn ned til sanden - dette samtidig som ein ikkje ville forstyrre stranda sitt eige liv. Stranda i Osvika kan ryddast og utviklast til å bli ei sentrumsnær badestrand. Ved å fjerne stein i strandsona vil ein ha ei brukbar sandstrand her. Trass i urein sand, er stranda mykje brukt. Den ligg i gang-gang-/sykkelavstand frå sentrum og vil vere ein attraksjon om tilhøva vert lagt til rette.

Der er mange vakre landskapsbilete i Nordfjordeid sentrum. Nokre få kan nemnast, mange fleire finst og dei kan brått vere bygde ned, om ein ikkje er merksam på deira kvalitetar i tide. Nedre Uldegrova er nemnt før, området vest for Fjordhestsenteret med tuna på Myroldhaug med sine særegne bygningsmiljø og landskap ikring - er eit anna eksempel. Pass godt på dei.





Det heilt spesielle kulturbiletet i Nordfjordeid sentrum:
Innsynet på baksida av Gata og Tverrgata over Myklebustmarka
med gravhaugane - marka og skrenten opp til Myklebustgarden.


Bakom; eit område som kan utbyggast med bustader utan å
øydelegge landskapsbiletet i særleg grad, men som kan koste dyrt
pga. krav om arkeologiske utgravingar før evt. byggeløyve.

-  Bygningsmiljø som bør vernast
-  Landskapstrekk som bør vernast
-  Sti som bør oparbeidast

Nordfjordeid 1996

11. AREALBRUK


-  Bustader
-  Næringsbygg
-  Område med publikumsretta næring
-  Område med offentlege institusjonar
-  Industriområde



12. REGISTRERINGAR


12.1 BUSTAD - OG NÆRINGSBYGG I SENTRUM

Tal på areal m.m. framgår av rapporten
«Stadanalyse for Nordfjordeid sentrum -
Fase 1.»



12.2 TRAFIKKSTRUKTUR


- Regional trafikk
- Lokal trafikk



12.3 PARKERINGSSTRUKTUR I SENTRUM

Parkeringsregistrering veke 27, 29, 32 - 1995

I alt 960 parkeringsplassar disponible, normal max. utnytting 494. Statistikk og vurdering framgår av «Fase I» rapporten



KOMMENTAR:

I områda A og E, dei mest brukte handelsområda, er 50 % utnytta på kvardagar, og opp mod 100 % utnytta på laurdagar. Der trengs ei betre fordeling av langtids- og korttidsparkering.

Områda B og F, Eidsgata, har ikkje fleire parkerte bilar enn at dei like gjerne kunne parkere på andre plassar som ligg like tett ved målet.

Område G får større P-behov med nytt handelsbygg, men samtidig dekker ein Tverrgata sitt framtidige bustadsparkeringsbehov. Dei planlagde 100 plassane er kanskje i overkant, fordi handels- og bustadsparkering avløyser kvarandre tidsmessig.

Områda C og D, omkring Rutebilstasjonen og Rådhuset er utnytta 100 %, mest til langtidsparkering. Organiserert korttidsparkering til kundar bør kanskje vurderast.

Område H, bustadsparkering, er dekt av parkeringsplassen aust for Eidsgata ved gravhaugen.

Område I er svært lite utnytta på kvardagar, men dekker kyrkja sitt behov, samtidig med at det tener som turistbusshaldeplass og som reserve P-areal.

Ut frå antal registrerte parkerte bilar har ein rekna ut gjennomsnittstal for følgjande tider i veka:
F: kvardag formiddag
E: kvardag ettermiddag
L: laurdag middag

P: Viser antal opparbeidde/tilgjengelege parkeringsplassar for kvart område.

Nordfjordeid
B29Δ167

12.4 GRØNTSTRUKTUR

Det er gjort ein stor innsats i sentrum for å pynte opp ved hjelp av grøntanlegg. Sjøgata har skifta karakter frå søppelplass til Promenade, men anlegget manglar en gangveg på utsida som kunne gje nærkontakt til stranda.

Kyrkjeparken og Maurstadparken er «nye» parkar.

Vegvesenet har gjort riksvegane gjennom sentrum vakrere, også rundkøyringane framstår positivt.

Skulane ligg i eit område som tydeleg kan oppfattast som ein park. I framtida vil dette området bli endå tettare utbygd, då blir det viktig å gjere ein bevisst innsats for å planlegge og opparbeide området slik at det dekker fleire born sitt behov på mindre plass, det må tåle større slitasje.

På Nordøyane er Eidatunet igang med å opparbeide ein campingpark, truleg eit viktig bidrag til sentrum.

Lunden - som både er haug og hol - bør takast vare på som friområde - ei grøn lomme som vert viktigare etterkvart som sentrum veks seg tettare.

Myklebustmarka med gravhaugane bør bevarast som mark og grøn lunge i sentrum. Dette for å gje haugane det landskapsrommet dei er ein del av, og for å ta vare på det heilt spesielle kulturbiletet av Eidsgata og Tverrgata si baksida.


Parken rundt Hærmuseet, Plassen og Malakoff er eit viktig og vakkert grøntområde som bør takast godt vare på og utviklast, spesielt rundt krigsminnesmerka.

1. Fagarelda
2. Skuleparken
3. Kyrkjeparkane
4. Manglande strandpromenade
5. Campingpark
6. Myklebustmarka med gravhaugane
7. Lunden
8. Maurstadparken
9. Parken ved Hærmuseet, Malakoff
10. Vaskeplassen
11. Elvesti
12. Utstillingsplass, ridebane, fotballbane
13. Osstranda

Parken har eit stort potensiale i framtida. Arbeidet kunne starte allereie no med ei mindre alléplantning i tilknytning til opparbeiding av Valhall sitt nærområde. Vaskeplassen bør framhevast. Tursti bør opparbeidast langs elva heile vegen til nedre Uldegrova. Ein del av dette arbeidet ville kunne gjerast på dugnad.

Nedste del av Fagarelda renn gjennom ein nesten ferdig nyetablert park. Vegvesenet sine bruer tilpassar seg parkmiljøet. Vidare opp langs elva bør det byggast samanhengande tursti til Vårsetra. Ved ei framtidig ny hovedvasskjelde i Hornindalsvatnet, kan noverande regulering av Fagarelda vere historie. Elva vil bli meir attraktiv - som turmål, fiskeplass osv.

Utstillingsplassen i Øyane er eit fint møte med Nordfjordeid når ein kjem sørfrå, men den får negativ konkurranse fra industriområdet på andre sida av vegen. Her bør plantast tre (allé) på begge sider av vegen, som inngangsport til sentrum.





Brua over Fagarelva

12.5 BYGNINGSSTRUKTUR

Kartet viser ei ajourført registrering av bygningar i Nordfjordeid sentrum.

Bygningane er organisert i forskjellige strukturar etter kvar og når dei vart bygde.

Av strukturane kan vi m.a. lese filosofien for byggeprinsipp som var rådande på utbyggingstidspunktet.



EIDSGATA

Eidsgata med sine smale tomter er på vestsida organisert i forhold til strandtilkomsten, og på austsida i høve til kor lite Myklebust- og Gjerdebøndene ville avstå av produktiv mark.

Langs Eidsgata ligg alle hus med inngangsfasaden vendt mot gaterommet. På baksida ligg uthus og naust. I ettertid er det bygd næringsbygg som fyller heile tomta ned til sjøkanten. Dette gir ein kamstruktur mot sjøen. I dag er imidlertid sjøfronten blitt ei ny framside etter opprustinga av Sjøgata. Kamstrukturen medfører at bustadhus blir klemt inne på ein måte som i dag kjennest som dårleg bu-kvalitet, samstundes med at tomtene er for små til forretningane sin vekst. Det oppstår konflikt fordi alle partar har det for trangt. Forretningane må ha meir plass om dei skal kunne leve i Eidsgata. Det resulterer i at nokre bustader må leggst ned. Dei kan gjerne byggast inn i 2.etasje i nye større forretningsbygg. Desse bygningane må tilpassast gata sin skala.

Ei anna løysing er at større forretningar langsamt trekker seg ut av nordenden av Eidsgata, og at ein aksepterer denne som ei bustadgate av høg kvalitet. (Valet har sin pris - uansett utfall). Dette vil medføre at bustadhusa bør få skikkeleg opparbeidde hagar heilt ned til Sjøgata, slik at baksida kan bli til ei overbevisande sjø-framside, og næringsbygga vert pålagt å gjere tilsvarande.





Utviklingsprinsipp

Privatareala ned mot den kommunalt velstelte Sjøgata ser i mange tilfelle ikkje ut. Sjøgata er ein lokal tilførselsveg til parkeringsplassane som er etablert for dei handlande i Eidsgata. Sjøgatefasaden er ikkje lenger ei bakside. Denne fasaden bør opprustast og utviklast slik at den framstår som ei skikkeleg framside.

Austsida av Eidsgata sin nordende treng meir areal for å kunne fungere som eit tilfredsstillande bustadområde i framtida. Tomtene burde få dobbelt så stort areal, slik at husa kunne byggast ut og moderniserast opp til noverande tomtegrense. Resten av den utvida tomte bør vere hageareal som danner ei fin innraming av marka mot gravhaugen. Sett frå riksvegen ville desse hagane framstå som ei grøn avslutning av Eidsgata si bakside. Det vil kanskje ikkje vere tilrådeleg å gje løyve til ny forretningsutbygging på austsida av gata, då det vil forringe bustadkvalitetane som i utgangspunktet er mangelfulle.

Denne gjennomgang av bebyggelsesstrukturen og denne si framtid i nordenden av Eidsgata, legg opp til bevisste val og satsingar for å gjere Eidsgata til den perle den ein gong var. No er den først og fremst prega av depresjon, forfall og tilfældige eller manglande initiativ. Mykje av skulda for dette må tillegkast Eid kommune si unnvikande haldning i høve til å gå inn og ta styring på utviklinga. Huseigarane er usikre på kva for del av sentrum som vil vere det framtidige handelssentrum og er - forståeleg nok - avventande til å gjere investeringar i eigedomane sine.


Eidsgata sør har romslege tomter med hagar omkring bustadhusa. Bebyggelsen er organisert i kvartalsstruktur, men framleis mest med inngangsfasaden mot Eidsgata.

BUSTADOMRÅDA


Det eksisterte eingong ein plan som delte opp heile området aust for Eidsgata til eit stort bustadområde. Dette vart gjennomført omkring Alléen, men lenger nordover mod Lunden er strukturen meir tilfeldig. Bustadområda omkring Alléen er eit tettbygd sjarmerande villakvarter, utbygd frå 20-talet fram til i dag. Etterkvart som tilstøytande område no vert bygd ut med bustadar, må ein legge inn felles grøne utomhuskvalitetar. Dette for å gje området luft og identitet.

Hus i eigen hage-strukturen kan ikkje halde fram fordi det må byggast fleire og mindre bueiningar. Rekke- og klyngehusstruktur må inn i biletet. Difor må det gjerast gjennomtenkte tiltak i utomhusareala slik at det vert mogleg å bu tettare. Næraste leike- og turområdet er elvekanten og nedre Uldegrova. Det rekk ikkje til mindre born eller til eldre sine utebehov.

Framtidig bustadutbygging mellom Lunden og Lotevegen kan vere nokså tett, viss ein tar vare på Lunden og Myklebustmarka med gravhaugane som grøne lommer.



Utviklingsprinsipp



Utviklingsprinsipp

INDUSTRIOMRÅDA

Industriområda ved småbåthana og i Øyane er typiske for si tid: Bygg midt på eiga tomt, god plass til å utvide, inga avgrensing av tomt, utflytande asfalt. I det heile funksjonelt og lite vakkert.

Det viktigaste var å få etablert arbeidsplassar utan å stille krav til utsjånad. Det gjer vondt i augene no. Det finst stader som har ambisjonar om å halde ein viss standard på uteområda - nokre etablerer såkalla «industriparkar» som tiltrekker seg foretak med høgre statuskjensle.

Inne i området kan det vere vanskeleg å finne vegen fordi trafikkavviklinga er ustrukturert. Dei fleste har vel vore ein tur over «vekta» i Malakoff før dei fann fram til Biltilsynet. Om ein ikkje vil gjere noko med det indre området, så bør Eid kommune i det minste


plante ei rekke tre langs Lotevegen, så gjesten kan oppleve å kome fram til eit vakkert Nordfjordeid over Skipenesbrua.

OFFENTLEG INSTITUSJONSOMRÅDE

«Hus midt på eiga tomt» er også karakteristisk for institusjonsbygg. Men der har frå gamal tid vore forestillingar om den verdigheit som ligg i eit godt opparbeidd og velstelt uteareal rundt institusjonen. Helst parkliknande.

Skule-parken er eit slikt område. Spesielt ved folkehøgskulen og ungdomsskulen ser ein dette. Rundt idrettshuset er det noko meir tilfeldig. Institusjonsområdet er nærast samanhengande frå sjukehuset ned forbi skular og barnehagar og opp til eldretunet. Det vil sikkert bli bygd ut endå meir, både innanfor noverande areal og nord for skulane. Bl.a. fordi området ligg sentralt mellom bustadfeltet i Myklebuståsen og sentrum bør ein tenke på å forsterke «park»-preget i framtida.

Dette blir eit av dei sentrale turområda i sentrum. Området fortener all den stoltheit og glede som ligg i å kunne ferdast gjennom eit godt tilrettelagt område. Prisen for det gode og det tilfeldige er stort sett den same - det er gleda og Eidastoltheita som gjer forskjelen.




Utviklingsprinsipp

13. BYGGESKIKK

Byggeskikken i sentrum, først og fremst i Eidsgata, er den mest omdiskuterte. Difor er det denne som her blir fokusert.

Dei små gamle husa:

1 og 1 ½ etasje, skifer- eller tegltak med knappe takutstikk, Vestlandspanel, sparsomme, men fine detaljar rundt vindauga.



Sveitserstilhusa frå sist på 1800-talet får større takutstikk, men spinklare så det virkar lett og svevande på huset. Dekorative «sperre»-detaljar i gavl og på arker. Meir dekorasjon rundt vindauga. Framleis liggande panel, men finare bearbeidd. Tegl- eller skifertak.

2-2 ½ etasjar.




Åsebøhuset og Moenhuset er prakteksemplar på overdådig lyst til å vise kva ein kunne prestere av god smak og godt handtverk. Legg merke til kor mykje der er gjort ut av undersidene på takutstikket - til glede for den som ser opp. Dei mange detaljar i fasaden gjev eit rikt og variert lysspel i mange nyansar, sjølv om alt er kvitt.

3 - 3 ½ etasjer



Fram mot Jugendstilperioden 1880-1910 blir detaljane meir og meir forseggjorde. Dragestilhuset kjem inn som eit heilt Nasjonalromantisk eventyrslott. Dei elles gjennomgåande lyse fargane på husa blir no skifta ut med djup raud med gult listverk.



Etter 1. Verdskrigen blir byggestilen mykje enklare, men framleis i same tradisjon.



Byggeteknikken er den same gjennom heile denne perioden. Byggeskikken kviler på solid og utprøvd byggetradisjon. Proporsjonar og harmoniske komposisjonar er noko ein har arva. Ny stil består berre i små variasjonar over gamle kjende tema. Dirfor synest gamle hus å kle kvarandre sjølv om dei er frå mange ulike periodar.



GAMAL BYGGESKIKK

Essensen av denne er dei enkle huskroppane med liggande panel, oftast malt i lyse fargar, skifer- eller tegltak med knappe takutstik eller stort spinkelt takutstik. Dominerande i bygningsuttrykket er gavl og evt. arker som «løftar» huset opp. Takvalm kjem først i Jugendperioden, men framleis dominerer oppoverstrebande arker.

Vindauga ser vertikale ut på grunn av sprosseopdeling - uansett kor mange som står ved sida av kvarandre.



NYARE BYGGESKIKK

Nye byggetekniske krav og metodar - og nye draumar om å bygge i «Fri plan» utan å vere avhengig av berande ytterveggar, kom til uttrykk i Frislidbygget. I første del frå 1949 var det enno ikkje teknisk mogleg å få det til, men andre byggjesteg frå 1963 har fått eit gjennomgåande vindaugsband, som viser at fasaden ikkje lenger er berande - karakteristisk for eit moderne bygg.




Den elegant tenkte moderne stil, blir hurtig omgjort til betongbyggekonsruksjonar av svært dårleg estetisk kvalitet. Byggeteknikken er ny, og der er ingen tradisjon for proporsjonar og harmoni å støtte seg til. Nettopp denne type bygg er med til å skape hatet mot «Modernismen», medan det faktisk finst ei lang rekke bygg frå denne perioden av god kvalitet.

På Almeningen er opført eit par bygg i lett Curtain-wall konstruksjon, med glas- og platefasade som ikkje er dårlege for si tid.





Rådhuset er eit fint komponert modernistisk bygg, med si eiga tolking av ideala i si tid. Ein tydeleg konstruksjon med innfyll av glas og tette felt, supplert av ein lett svevende storsal mot sentrum og fjorden. Inngangane er presist plassert i komposisjonen, noko ein ikkje har teke omsyn til i den siste utbygging av huset - No kjem ein nærast til å gå gjennom «eit hol i hekken» i staden for å bruke døra.



Skuleområdet inneheld ei rekke bygg av høg arkitektonisk og estetisk kvalitet. Desse bør takast godt vare på og byggast vidare på like så gedigent. Det er ikkje mange tettstader som kan vere stolte av både gammalt og nytt bygningsmiljø!


Arkitekten for dei fleste skulebygga var Peder Ristesund. Det gjennomgåande tema er: Ein grå vegg med eit gjennomgåande vindaugsband under eit svevande tak.

Raud farge markerer eit vesentleg bygningsselement, og finst i alle desse bygga.




Idrettshuset med symjehallen har fått austerlandsk svevande tak med raud kant.

Ungdomsskolen har raude berande takbjelkar



Folkehøgskulen har fått pyramidetak på bustadhusa og Japansk- eller Jærhus inspirert tak på hovedbygget -


alle med kraftig raud kant som inndekking av takrenna. Ved renovering av taka på både hovedbygg og paviljongbygga vart denne detaljen fjerna - visstnok pga. råteskade langs renna. Dette er ein for dårleg grunn til å øydelegge eit vesentleg arkitektonisk element. Vakker utsjånad er ikkje «gratis». Årsaka til lekkasjen kunne ha vore utbeta.



Barneskulen framstår med noko av same tema, om enn ikkje like suverent som Ristesund sine bygg.

Nybygg frå 80-talet og fram er dominert av ei postmodernistisk bølge av nostalgi.

Ein plukkar opp nokre motiv frå gamal tid og brukar dei fritt - Saltak som protest mot modernismen sine flate tak, arker, valm og falske sprosser i vindauga. Det svarer til ein liknande periode for 100 år sidan, då ein brukte historiske stilartar til å uttrykke seg med. Bruk av klisjéar resulterer i at resultatet kan virke meningslaust og påklistra. I ei tid prega av mangel på tradisjon i handverksfaget og ny byggeteknikk, får ein sjeldan harmoniske bygg som resultat.



På Cubusbygget har ein valt eit påbygg med saltak og mange arker med valm. Mellom arker og karnapp er der balkongar. Påbygget har fått eit skjørt heile vegen rundt som markise. Dette utval av nostalgiske klisjéar ser ein fleire stader i sentrum. Dei har ingen funksjon i

eit forretningsbygg. Bygga framstår som dårlege kopiar av gamal byggeskikk.


Yris Hotel og Den norske Bank-bygget er frå to svært ulike periodar, men dei er enkle, tru mot sin idé og i balanse mellom tyngde og lettheit. Cubusbygget brukar heilt unødvendig staffasje. Det er alt for tungt og utan samanheng med sin 1. etasje.

Kyrkjelydshuset med sin vegkro-liknande arkitektur kunne lagt kvar som helst. Den underordnar seg ikkje kyrkja - verken i form eller plassering. Med sine mange valmar, arker, fleire vindaugstyper og dekorativ bordkledning framviser den heller ingen «eid-identitet».



Husa i Eidsgata inngår i ein heilskap, der det einskilde hus ikkje er så interessant som det samla biletet. Den kvite fargen bind dei mange ulike hus saman. Utan den ville ei heil rekke dårlege detaljar stikke mykje meir i augene. Der er ein del fine velproporsjonerte hus, både store og små, men der er også fleire som må kallast dårleg byggeskikk.

Ei rekke av dei nyaste bygg virkar for voluminøse. Taka er først og fremst for tunge og svulmande. Dei søker ikkje lettheit som dei gamle Eidabygga.



For deler av sentrum er der politisk vedteke at alle nye hus må ha sal- eller valmtak. Så trur ein at ein er på den sikre side. Sparebanken Vest ligg ikkje i ein del av sentrum der dette er eit krav, men ein la likevel møneta på bygningen ved siste utbygging. Resultatet er eit maltraktert arkitektonisk bilete. Huset var et fint bygg med markerte vindaugsband. Vindaugsbanda si oppdeling teikna ein fin rytme i fasaden, og fortalde at det er innvendige søyler og ikkje ytterveggar som er huset sine berande element. I eit saltak vert kreftene ført ned i berande ytterveggar (med vår tids teknikk kan bering vere annleis, men den naturlige persepsjon oppfatar det slik). Når ein ikkje berande yttervegg får tilført eit saltak, oppstår ein bastard. Dette vert ytterlegare understreka av at mønsteret i dei nye vindauga ikkje går opp. Huseigar hadde vore betretent med å halde på huset sitt formuttrykk. Ein ny toppetasje ville vere mykje meir brukande som arbeidsplass med eit vakkert lett flatt tak - i den nyaste trend. Det ville ha vore i samsvar med huset sin idé, i samsvar med vår tid og eit flott bidrag til eit moderne hjørne av Eid.

GATA SINE VEGGAR


Gata sine veggjar består av mange hus. Husa inngår i ein heilskap som er viktigare enn det einskilde bygg. Mange stilepokar kan lesast ut av bygga, saman med vekslande økonomi, ambisjon og byggeskikk. Overalt ser ein blanding av gammalt og nytt. Når vi likevel vil kommentere ei rekke bygg, skuldast det at om dei siste års byggestil held fram, vert Gata sin karakter alvorleg endra!



(Austsida) Ei rekke fine eldre hus, med det tunge Cubus til slutt. Det gamle Sundebygget er heilt spesielt vakkert og harmonisk. Sjølv om huset har mange valmar, virkar det lett og elegant. Utstikka er spinkelt markert. Vindauga er høgreste og dekorert med eit klassisk gavlmotiv, som teiknar mange «pilar» opp. Huset står godt på bakken.



Sørensen (vestsida) sine store hus er blitt til ein ganske pen ny byfasade. Når Bergsethuset med tida skiftar det gamle hus ut med ein overdel som passar til underdelen, blir dette kvartalet heilt. Sjølv om dei einskilde hus ikkje er så interessanne, så uttrykker dei ein roleg heilskap.



Stillferdig Sveitserstil med fine detaljar.

Eit blanda gatebilette frå 30 - 60-talet, med Åsebø sitt prakthus i fokus.

Fin eldre husrekke etter Åsebøhuset. Mange fine detaljar som gir eit verdfullt tilskot av lys- og skyggevirkingar.




Hagen midt i Gata, som kunne vere ein grøn oase, kanskje ein rosehage, ei gåve til dei forbi-passerande, er ei ulykke å sjå på. Det fine gule huset sin sokkel er halvt nedriven. Det burde ikkje være mogleg å behandle ei tomt i eit offentleg byrom så skammeleg. Tenk viss bygningen var ein kafé med ein minipark.







I nordenden av Gata er fleire mindre bustadhus. Ei truleg velmeint ombygning av eit 60-tals betonghus, med gjennomgåande vindaugsband er blitt til ei forvirring av stilartar, diverse vindaugstypar og borddekorasjon for å falle inn i «Gatestilen».



Ut mot Sjøgata er dette huset ei kryssing av eit Jærhus og et fyrstikk- Wild Westbygg. Kvitt maling har kamuflert det litt i gatebiletet.

Ei stillferdig eldre husrekke, dessverre med døde butikkvindaug.



Små bustadhus, midten Gata sitt einaste stilreine Vestlandshus - den typen ferdighusfabrikantane no prøver å etterlikne.

Gjensidigebygget er nytt. Samanlikna med Gata sine mest gjennomgåande trekk, bryt dette og andre nybygg med den gjennomgåande møneretning. Takforma er framand. Fasaden, markisetaket og innskjerininga/ karnappa er heilt framande for gata, og alt for tunge til miljøet og til huset sin storleik. På baksida ser ein tydleg kor forskjellig det er frå nabohuset.



ABB-bygget synest å ha tatt modell etter det gamle Moenhuset, men i ei avskåren utgåve. På denne måten blir Moenhuset sin eleganse omforma til noko svært tungt. Mot Gata står «dobbelthuset» på stylter, og synest ikkje å ha kontakt med bakken - på baksida ser ein heile tyngda, og igjen fell bygget ut av Gata sin stil.




Baksida av Gata sett frå Lotevegen med Moenhuset i midten. Det nye bustadhuset framfor og dei nye dobbeltgarasjane er i ferd med å endre inntrykket av Gatebebyggelsen i uheldig retning. Dei same funksjonar kunne vore oppfylt i bygg som tilpassa seg staden sine proporsjonar, takvinklar- og former og den gjennomgåande møneretning - viss ein hadde føresegner om det i reguleringsplanen. Det har ein andre stader der ein ynskjer at ta vare på eit verdfullt bygningsmiljø.



Bygningsdetaljar:

Moenuset er eit flott eksempel på bruken av ganske små detaljar til å få overgåande lysvirkningar fram. Handtverket har kosta, men tiltaka er enkle. Skift mellom ståande og liggande panel, profilar i fleire utgåver, tannrekke og takknektar som frydar auget når ein ser opp. Huset gjer alt det kan for å rekke høgt opp og lokke folk til å legge nakken tilbake for å beundre det. Der er ein gjennomført komposisjon i heile bygget - vindauga er i ettertid skifta utan sans for heilskapen.




Det konkurrerer med Åsebøhuset om å få mest oppmerksomheit. Det skulle ha vore nedlagt forbod mot å bygge det inn i den nye Moengården så omsynslaut som det er skjedd - ein må vise respekt for anna enn pengar og m².

Vindaugsdetaljar frå eit Sveitserstilhus. Sola utnyttar den fine dekorasjonen optimalt.



14. BYEN SITT ROM FUNKSJON OG ESTETIKK I DEI FELLES OFFENTLEGE BYROM

	Dårleg kvalitet på byromma	Godkvalitet på byromma
Nødvendige aktivitetar		
Valfrie aktivitetar		
Sosiale aktivitetar		

Det felles offentlege byrom er der vi ferdast mellom husa.

Til fleire bilar vi har latt få overta plassen, til færre menneske og menneskelege aktivitetar er det blitt rom for.

I tettstadane har ein lagt tilhøva godt tilrette for privatbilisten. Handelen har det rimeleg bra, men tettstaden som møteplass har det dårleg.


Ein har lenge trudd at betre tilkomst for bilar gav meir handel, men trenden er i ferd med å snu.

Metningsgraden er for lengst overskriden, og ein innser etterkvart at folk må ut av bilane for å handle. For å få folk til å stanse lenger og gjere litt meir enn å kjøpe det mest nødvendige, må tilhøva i det felles offentlege byrommet betrast. Så kan uventa sosial aktivitet få høve til å oppstå.

Vi har bruk for gode møteplassar fordi vi er menneske og har sosiale behov som skal dekkast. Dersom vi set desse opp i ein enkel behovspyramide, ser ein tydeleg at vi har eit fattigare tilvere om dei passive og dei tilfeldige kontaktane ikkje kan finne stad og utfolde seg. Med alle våre tekniske kommunikasjonsmidlar er vi blitt meir isolerte enn før. Når ungdomen oppheld seg timevis på eit gatehjørne, saman, så er det ikkje fordi hjørnet er interessant, men fordi der er sjanse for det tilfeldige møtet, som ein håpar så mykje på - skal tru om vi andre er særleg annleis?

Når vi ser på gamle planar er det tydleg at ein før 1960 nytta seg av eit sikkert velutprøvd spekter av verkemiddel og hierarki i utforming av dei felles

offentlege byromma. Desse signaliserer nøye om ein var på eit hovudstrøk eller eit bistrøk der ein kunne forvente å finne forretningar og offentlege kontor etc. Der var gjeve plass til både formelt representative møteplassar, til promenadar og til dei uformelle. Der var eit tydeleg hierarki i virkemidlar brukt til byforminga. Ein hadde ikkje katalogar over element og materialar, lik dei vi no nyttar for å få kvaliteten opp. Handtverkaren, arkitekten og ingeniøren visste kva som var nødvendig og riktig, utifrå tradisjonen. Ser ein på 1950-planen, så vil ein ikkje vere i tvil om kvar benkane skulle stå, eller kvar det skulle vere særleg fine gatelampar. I det følgjande vil vi sjå på byrommet sine funksjonar, kvalitetar og estetiske verkemiddel, og så spørre kva slags opplevingar dei kallar fram. At ein stad er god å vere på, er avhengig av mange komponentar. Viss der er rom for gode opplevingar, så er ein stad god, kanskje jamvel vakker.



Det er byen sine offentlege rom som gir staden struktur - ikkje bygningane


Bygningane er veggar i byen sine rom. Vi ferdast i gata eller på torget, på plassar og vegar, mellom funksjonar i ulike typar av bygg. I dei fleste tettstader er desse byromma veldig utflytande og utan hierarki, slik at ein ikkje kan lese staden sin logikk og finne fram til forretningar og annan service.

Eidsgata:

Handelsgata på Nordfjordeid er Eidsgata (Gata), og dei fleste forretningar er framleis knytt opp mot denne. Sjøgata med sine P-plassar konkurrerer etterkvart om kvar frontfasaden er. Spreidd utbygging av forretningar held etterkvart på å løyse opp det elles presise biletet av kva som er hovedgate og kva som er sidegater.

Hierarki i gatebiletet er eitt av dei eldste og viktigaste verkemiddel i byforminga. Dette er bygd heilt naturleg inn i byplanane i dei eldste byar vi kjenner til. I norsk planlegging har dei einaste verkemiddel som gjeld - heilt opp til i no - vore trafikk- og P-struktur. Når dette vert supplert av tilfeldig arealutnytting på privat initiativ, godkjent av kommunane sine ansvarlege instansar - så slår det ein at tusenårig kunnskap kan bli borte «over natta».

Det tok 20 år før ein innsåg at det måtte ei offentlig investering til for å få Sjøgata gjort skikkeleg ferdig. I same tidsrom er forfallet av Gata som «det sentrale Byrom» blitt tydlegare. Ein ser tendensen i lukka fasader, tomme hus og forretningar som vender ryggen til Gata. Diskusjonen om «Gågate eller ei» har pågått i over 20 år, og no er den store diskusjon: Kvar skal forretningar byggast ut til moderne storleik?



Utviklingsprinsip

Om Gata skal vere «Forretningsgate nr. 1» må nokre bustadhus nord i Gata truleg skiftast ut med bustader i 2. etg. på nye forretningsbygg - med utsikten intakt! Om «forretningssentrum» flyttar sitt tyngdepunkt mot sør og vest på ei fylling i fjorden, vil nokre forretningar truleg forlate Gata. Den nordre del kan bli ei trygg og vakker bustadgate. Begge val kan forsvarast og bli bra både for handel og bustader, men det må satsast skikkeleg på å utvikle gode livskvalitetar for både bebuarar og folk som handlar.

Nic Stabell sin plan for Gata frå 1970 inneheld stor byformingskunnskap. På foto side 22 - 23 og på tekninga her, ser ein at det er lagt inn torg og plassar som «pausar og ophaldsrom» på vegen gjennom Gata. Gata får sitt største torg mellom Frislidbygget og Bedehuset. Frå Sjøgata er der P-plass eit godt stykke inn, men torget er innramma av tre mot vest og har fått eit «torg i torget» der Børsemakarhuset heldigvis endå ligg.


Neste torg er rundt Moenhuset, som ligg som ein sukkerbit på ein presenterbakke. Også her er det

kombinert med P-plassar inn fra vest, men nokre av dei gamle trea i hagen synest å vere bevart saman med ein del nyplanting.

Tredje torg er plassert sør for Håvik-bygget. Det er avgrensa av nokre nye bygg som er trukke tilbake frå gatelinja såleis at torget får ly for vestavinden. Overgangen mellom Gata og kyrkjegarden er stramma opp på en mjuk måte. Gata si fasadelinje fortset med eit par rekke med tre. Sjå ill. A

III. B viser Eidsgata som den ser ut idag. Det er ikkje skjedd så stor utskifting av bygg som Stabell forestilte seg. Ein stor del kvalitetar er på den måten bevart, medan andre er forringa (f. eks innbygginga av Moenhuset).

Ingenting er gjort for å fasthalde Gata sin eigen kvalitet som «Sentrumsgata». Bustadkvaliteten er heller ikke blitt utvikla tilfredsstillande. Sjølv om Stabell si utskifting av bygg ser rett så brutal ut (A), kan ein vel seie at det ligg eit potensiale i Gatetomtene som kan utnyttast betre både for bustader og forretningar.



ill. A
Nic Stabell 1970

ill. B
Eidsgata 1996



Ser ein på kvar folk samlast i Gaterommet, så er det først og fremst framføre inngangane til dagligvarebutikkane. Ved særlege høve når det skjer noko spesielt i gata, vert aktivitetane plassert på det nye torget på Almenningen, framfor Bedehuset eller framfor Mega sin inngang mot Gata i det vesle torgrommet som er her (vasspumpa stod her før i tida). Folk sit i sola ved frisørbutikken og ser på livet. Aktivitetane når fram til Moengården, der det ikkje er plass til å opphalde seg pga. parkerte bilar. Lenger nord blir der stilt.



Ved utarbeiding av planar for opprusting av Gata, er det viktig å plassere torgplassar - nokre berre som ganske små markeringar - for å gje rom for opphald, både til gjestar og fastbuande. Ein verdskjend byformingsprofessor: Leon Krier, uttrykker seg såleis: Den største luksus i eit byliv, er å kunne sette seg på ein god benk på eit vakkert torg og sjå på livet omkring - eller berre nyte å vere tilstades, i eit byrom som er skapt med omtanke, til dette formål. Vi kjenner det frå feriereiser, og «nyttelsen» kan vere like intens om den er på Eid eller i Bergen. Vi kan ikkje bruke det heile året, men liksom med vår og haust eller ein vakker dag på ski, så nyt vi det intenst når det er mogleg.




Diskusjonen om «Gågate eller ei» er feil. For Eids-gata si framtid handlar det om «Opprusting» og bevisst satsing på bustader og livskvalitetar i sentrum.

Oprustinga må fremme lysta til å bu og pusse opp i gata, og gi folk prioritet fram for bilar. I kva grad der skal vere parkering og trafikk finn ein best ut av gjennom eit «forprosjekt» som innvolverer alle partar og problem. Andre stader har ein løyst liknande problem på ulike måtar, så det er mogleg å finne andre sine erfaringar å støtte sine val på

Sjøgata:

Kommunen har gjort sitt for opprusting av Sjøgata. No manglar kun det private initiativ. Sjøgata bør framstå som ein Sjøfrontfasade i sin eigentlege forstand - ikkje nødvendigvis i konkurranse med Eidsgata som forretningsfrontfasade. Den store uvisse om korleis utviklinga i Gata skal bli, om fylling i sjø eller ei, må naturlegvis avgjerast før ein kan ta store initiativ. Her trengs det eit val av utviklingsprinsipp og ei konsekvent opfølgjing slik at ei positiv utvikling skal kunne skje.

KVA ER EIN "STAD"



Ein "stad" kan stempel med ulike mønster - men dei skal signalisere: "Her kan ein vere"

KVAR SKAL "STADEN" VERE



"Staden" skal vere der dei fleste ferdest mest, fordi stadens viktigste formål er å vere "møtested"


Innenfor det runde skal "møtestedet" plasserast - der kallen vane ha lagt seg. Der det er sol og te, overblikk og ryggstøtte, og så skal det vere ryddig og vakker



15. STRUKTURAR OG ELEMENT SOM MÅ TAKAST OMSYN TIL I FRAMTIDA


LANDSKAP OG AVGRENSING

Nordfjordeid sentrum er tett og tydeleg avgrensa i høve til landskapet. Sentrum har grøne kilar og lommer. Pga. fortetting av bustadmassen i sentrum, vil desse i framtida opplevast som endå viktigare enn no. Dei bør takas vare på og seinere opprustast til å tåle endå større publikumspress.




FJORDKONTAKT

Ein vesentleg del av sentrum sin identitet er fjordkontakten. Denne opplever ein som «gløtt» frå Gata. Desse «kikk» mellom husa bør fastholdast i framtidig gatestruktur mellom nye og gamle bygg.



NÆRLEIK TIL SJØ

Nordfjordeid sentrum er bygd i sjøkanten. Sjøgata har endra kontakten med fjorden, men nærleik til sjøen er framleis ein viktig del av bustadkvaliteten i Gata. Den er også ein ekstra kvalitet for handelen. Ein bør framleis halde fast på denne spesielle kvalitet i ny utbygging.




SENTRUMSUTVIKLING

Det pågår ein gamal debatt mellom nord og sør i Gata. Ein meiner å ha vedteke at heile Eidskata er «handelskata» på Nordfjordeid.

Lite er gjort i Gata for å få det til å fungere slik. Aktiviteten i Gata kan forskyve seg eller strekkast ut i heile kata si lengde. Det vil koste noko uansett kva ein velgjer - det kan kjennest som å måtte velgje mellom pest og kolera. Ikkje å velgje kostar endå meir. Uansett val må det satsast på kvalitet. Byen sitt offentlege gaterom må opparbeidast slik at der er godt å ferdast og å leve. Bustadane må utviklast og få gode uteområde - dei offentlege areala er ein del av sentrums-bukvaliteten.

Sentrum må vere levande heile døgeret og heile året.




BYGGESKIKK

Det finst ein gamal enkel byggeskikk på Nordfjordeid som kjem av gamal byggeteknikk og langsam utvikling av nye idéar. Moderne byggeteknikk har vore svært usikker i forma, og 80-talets postmoderne etterlikning av gamal stil er ofte nostalgisk og utan eigentleg kjensle for dei gamle kvalitetane.

Eksempel på at moderne bygg kan vere av høg arkitektonisk kvalitet, ser ein på bygningane i Skuleområdet og på Rådhuset. Dei er moderne i sin eigen rett, svarande til si tid. Meir av denne type moderne arkitektur kan trengast. Dei skjemmaende 60-70-tals «minimumsbygg» er ikkje blitt betre av kravet om saltak eller valmtak nedfelt i reguleringsplanen frå 1985. Snarare tvert imot.


Eit meir djuptgåande arbeid burde utarbeidast lokalt, og brukast til informasjon og rettleiing ved om- og nybygging i sentrum, i «Kulturminneåret 97». Nostalgi vernar heller ikkje dei gamle bygningane. Det må fagleg rettleiing til - overfor dei som bur og byggjer.



16. VIKTIGE SPØRSMÅL SOM DENNE ANALYSEN REISER

Følgjande problemstillingar må avklarast i forkant av foreståande kommune- og reguleringsplanarbeid:

1. Framtidig arealbruk vest for Sjøgata.
Konsekvensen for framtidig utvikling i Eidsgata som følge av flytting av handelsaktivitetar ikkje er avklart.
2. Arealbruken langs Eidsgata. Bustad og forretning langs heile gata ? Korleis stanse forfallet av bygningsmassen i nordenden av Eidsgata ?
3. Byggeskikken i Eidsgata er i forandring i gal retning. Nye bygningar framstår som dårlege kopiar av gamal byggestil. Arkitektane sin bruk av «klisjéar» i fasadeuttrykket er påtrengande. Eidsgata sitt særpreg med sin enkle og typiske vestlands-arkitektur smuldrar bort.
4. Arealbruken langs Rv1/Rv15. Press på landbruksareala innover Langeland.
5. Plassering av nye industriareal (ref. sårbarheitskartet).
6. Framtidig grøntstruktur i sentrum.



Tverrgata sett frå Lotevegen.

Huset til venstre kan iflg. reguleringsplan for sentrum rivast. Huset - som bør vedlikeholdast betre - er viktig som avslutning av dette historiske gatemiljøet.

Riving av huset vil medføre ei uheldig innkorting av Tverrgata. Huset er eigd av Eid kommune.



Tverrgata set fra Lotevegen

VEDLEGG
FASE I



EID KOMMUNE


STADANALYSE for NORDFJORDEID SENTRUM

prosjekt nr. 9527


FASE 1

Utdrag av fullstendig analyse

01.12.95



NORDFJORDEID 1996



$$\begin{array}{c} \mathcal{P}^{(1)}_1 \\ \vdots \\ \mathcal{P}^{(1)}_n \end{array}$$

$$\begin{array}{c} \mathcal{P}^{(2)}_1 \\ \vdots \\ \mathcal{P}^{(2)}_n \end{array}$$

$$\begin{array}{c} \mathcal{P}^{(3)}_1 \\ \vdots \\ \mathcal{P}^{(3)}_n \end{array}$$

$$\begin{array}{c} \mathcal{P}^{(4)}_1 \\ \vdots \\ \mathcal{P}^{(4)}_n \end{array}$$

$$\begin{array}{c} \mathcal{P}^{(5)}_1 \\ \vdots \\ \mathcal{P}^{(5)}_n \end{array}$$

$$\begin{array}{c} \mathcal{P}^{(6)}_1 \\ \vdots \\ \mathcal{P}^{(6)}_n \end{array}$$

$$\begin{array}{c} \mathcal{P}^{(7)}_1 \\ \vdots \\ \mathcal{P}^{(7)}_n \end{array}$$

$$\begin{array}{c} \mathcal{P}^{(8)}_1 \\ \vdots \\ \mathcal{P}^{(8)}_n \end{array}$$

$$\begin{array}{c} \mathcal{P}^{(9)}_1 \\ \vdots \\ \mathcal{P}^{(9)}_n \end{array}$$

$$\begin{array}{c} \mathcal{P}^{(10)}_1 \\ \vdots \\ \mathcal{P}^{(10)}_n \end{array}$$

$$\begin{array}{c} \mathcal{P}^{(11)}_1 \\ \vdots \\ \mathcal{P}^{(11)}_n \end{array}$$

$$\begin{array}{c} \mathcal{P}^{(12)}_1 \\ \vdots \\ \mathcal{P}^{(12)}_n \end{array}$$

$$\begin{array}{c} \mathcal{P}^{(13)}_1 \\ \vdots \\ \mathcal{P}^{(13)}_n \end{array}$$

$$\begin{array}{c} \mathcal{P}^{(14)}_1 \\ \vdots \\ \mathcal{P}^{(14)}_n \end{array}$$

INNLEIING

Eid kommune står framfor det viktigaste planarbeidet sidan Nic. Stabell sin soneplan i Generalplanen av 1973 og Hagestande, Stabell og Øvrehus Arkitektkontor sin reviderte reguleringsplan for Nordfjordeid sentrum av 1984. Det er under utarbeiding reguleringsskisser for utfylling i fjorden vest for Sjøgata, reguleringsplanane for Sentrum og Lunden skal reviderast, og kanskje det viktigaste av alt - Soneplanen for Nordfjordeid sentrum skal reviderast. Ein Stadanalyse vil avklare arealpotensiale, kvalitetar og problem i Nordfjordeid sentrum. Stadanalysen er ein viktig reiskap i planarbeidet. Den skal - på ein oversiktleg måte - samle viktige opplysningar om lokalmiljøet i eitt dokument. Den skal vere ein felles plattform for diskusjon av dei tema som analysen omfattar. Den vil såleis auke engasjementet og trekke inn fleire deltakarar i diskusjonane om utvikling av Nordfjordeid sentrum.


Stadanalysen for Nordfjordeid sentrum - Fase 1 - er første del av ein fullstendig analyse. Følgjande tema er i denne omgang analysert: *Noverande arealbruk. Funksjonar i bygningane. Parkering.* Analysen dokumenterer nosisasjonen, men skal i liten grad påvise løysingar. Analysen stiller nokre viktige spørsmål som krev nærare avklaring.

Fase 1 er utført av Nordplan AS ved sivilingenør MRIF Svein Rotevatn og sivilarkitekt MNAL Karen Monnet.

Fase 2 vil omhandle tema som *befolkningssamansetting, befolkningsprognosar, evt. politiske mål for utvikling av bustadar og næringar i sentrum, arealbruk og funksjonelle samanhengar, historie, natur- og landskap, grøntstruktur, bygningsmessig struktur, byggeskikk, trafikk, utemiljø og byrom.*

Fase 2 vil i større grad enn Fase 1 analysere og påvise kva løysingar som er moglege å få til. Med utgangspunkt i desse kan diskusjonen om framtidig utvikling av Nordfjordeid sentrum bli meir konkret, og løysingane kan då - gjennom eit nært samarbeid mellom Arkitekt og Plangruppe - utviklast fram til si endelege form. Gjennomføring av Fase 2 vil vere eit viktig og nødvendig grunnlag for oppstart og gjennomføring av foreståande revisjon av gjeldande soneplan/arealdelplan og reguleringsplanar for Nordfjordeid sentrum

Nordfjordeid 20.12.95
for NORDPLAN AS


Svein Rotevatn

<u>INNHALD</u>	<u>Side</u>
FUNKSJONAR I BYGNINGANE. Områdagrensing	3
TOMTEKART	4
AREALBRUK BYGNINGAR I SENTRUM	5
NÆRINGSVERKSEMD. Områdekart.	9
BUSTADAR I SENTRUM. Områdekart.	10
HANDEL OG SERVICE I SENTRUM. Områdekart.	11
MOGLEG UTBYGGINGSAREAL I SENTRUM	12
KOSEKVEN SAR AV UTBYGGING. Skisse.	13
IDÉSKISSE TIL UTBYGGING MOT SJØ	14
UTBYGGINGSAREAL I UTKANTEN AV SENTRUM	15
PARKERING. Registrering. Kommentar.	17


FUNKSJONAR I BYGNINGANE

Næringsverksemd innanfor ———

Næringsverksemd
og bustader innanfor ———



Fordi komplett tomtekart ikkje fins, har vi utarbeidd dette for å ha eit grunnlag for ei omtrentleg berekning av areal.



AREALBRUK bygningar

Arealberekninga omfattar bygningsmassen vest for Ltevegen (Rv1), jfr. kart på side 4. Arealberekninga er basert på kart i målestokk 1:1000.

Kategori busetting: bf = barnefamilie, f = familie, p = pensjonist, e = einsleg.

Gate	Nr.	Gnr/Bnr	Tomt m2	Bebygd areal m2		Utomhu m2	Etasjetal bygning	Arealbruk bygning (m2)											Merknad
				Hus	Uthus			Eineb.	Kategori	Leiligh.	Kategori	Hybel	Feriehus	Forretning	Kontor	Service	Type	Industri	
Osvegen	2	46/7		100			2,5			150	f				50	50			
	4	46/8		85			1,5	130	f										
	6	46/88					2		e										
	7	46/135					2									Televerket			
	8	46/85					1											Meieri	
	9	46/132		0															
	10	46/84					2											Slakteri	
12	46/84					1										Næringsm.			
Høla	1	46/6		90			1,5	100	p										
	2	46/9		200			1,5	200	b										
	3	46/128		50			1,5	70	p										
	4	46/12		120			1,5	110	p										
			6000			3570													
Kaivegen	1	46/53,80,98					3										Hotell		
	2	46/31		90			2			90	p			90					
	4	46/30		120			1,5	150	p										
?	6	46/91		70			1											70	
?	8	?		90			1											90	
	10	46/19		80	40		1,5	120	p										
Almenningen	1	45/19	1300	920		380	2.-3.							920	1180	200			
	2	46/26		100			2,5			150	bf			100					
	3	46/10		150			2,5			100	bf			150					
	4	46/131		220			1,5	90										160	Lager
Alléen	2	46/77		0															
	4	46/77		0															
	6	46/77		0															
	8	46/77	5000	140	150	4710	1,5					210							
	10	46/39	1400	80	20	1300	1,5	120	bf										
	12	46/39		0		0													
	14	46/48	1000	100	60	840	2	200	p?										
	16	46/49	1200	70	70	1060	2	140	p?										
	18	46/46	1350	90	90	1170	2	180	e										
	20	46/41	700	150	40	510	2	300	p?										
	21	46/2	1900	200		1700	2							200		200	Rørleggar		
	22	46/42	800	100	20	680	1,5		e?										
24	46/44	1250	70		1180	2		p?											
26	46/43	790	90		700	2	180												
Rådhusvegen	2		2100	290	200	1610	2					150				430	Motell		Ikkje i drift
	4		640	130		510	1,5							70		60			

Gate	Nr.	Gnr/Bnr	Tomt m2	Bebyggd areal m2		Utomhu m2	Etasjetal bygning	Arealbruk bygning (m2)										Merknad		
				Hus	uthus			Eineb.	Kategori	Leiligh.	Kategori	Hybel	Feriehus	Forretning	Kontor	Service	Type		Industri	Type
Rådhusvegen	5		5100	600		4500	1								135		455	Rutebilst.		
	6		2900	700		2200	2													
Sjøgata	2	45/19-2	560	450		110	2			480										
	4	45/40	610	330		280									300					
	6	44/28,73,82,85				0													Lager	Totland sementvaref.
		44/1-f18				0														
		44/4-f6				0														
	90	44/386		450			1										450	Kyrkjetun		
Tverrgata	1	44/44	200	65	35	100	1,5	95	p											
	2	44/81	490	70	20	400	1,5			105	e									
	3	44/1-f11	500	70	30	400	2,5			180	f									
	5	44/1-f5	200	60	25	115	1,5	95	bf											
	6	44/104	350	50	15	285	1,5						50							
	7	44/1-f2	680	40	10	630	1,5	60	e											
	8	44/485	200	40	20	140	1,5	60	e											
	9	44/1-f10	500	70		430	1,5	105	bf											
	10	44/9-f	270	70	20	180	1,5	105	e											
	11	44/9	200	45	25	130	1	45												
Eidsgata	1	45/39	510	300		210	3								300					
	2	45/35	660	350		310	2,5			150	p									
	3	45/56	450	300		150	3			200	bf						200	Hotell		
	4	45/26	530	320		210	2			120	f									
	5	45/23	450	300		150	2			150	f									
	6	45/20	550	100		450	1,5	135	bf											
	7	45/22	950	80		870	1,5	120	p											
	8	45/93	670	85		585	2			85	p						85			
	9	45/42	800	0		800	2,5													
	10	45/3	2200	220		1980	2,5													
	11	45/17	600	110	150	340	2,5			165	p		85		110	550				
	12	45/179	4160	1280		2880	1								160			1300	Gartneri	
	13	45/14	630	100		530														
	14	45/2	900	150	70	680	2	300	p											
	15	45/12	800	250		550	1										250	Betania		
	16	45/108	1200	120		1080	1,5	180	p											
	17	45/101,122	510	50	30	430	1,5	75												
	18	45/114				0	2													
	20	45/114	4200	900		3300	2												Bygging pågår	
	22	45/59	600	290		310	2,5			150	e				900	700			Bygging pågår	
	24	44/51	600	240		360	2			240	bf				290	290				
	25	44/50,74				0									180	60				
		45/159	380	300		80	3			80	e				300	500				
	26	44/64	570	80	30	460	2			80	e		80							
	28	44/63	670	90	30	550	2			190	p									
	30	44/86	570	40	20	510	1,5	60	p											
	32	44/98	750	70	60	620	1,5	110	e											

Gate	Nr.	Gnr/Bnr	Tomt m2	Bebyggd areal: m2		Utomhu m2	Etasjetal bygning	Arealbruk bygning (m2)												Merknad
				Hus	Uthus			Eineb.	Kategori	Leiligh.	Kategori	Hybel	Feriehus	Forretning	Kontor	Service	Type	Industri	Type	
Eidsgata	33	44/1-f4, 44/26-f1, 44/31-f11	2200	1950		250	1.-2.-3.								1750	250	200			Domus
	34	44/33	300	120		180	3.-2.			80	e				70		70			Frisør/hudpleie
	35	44/379	450	320		130	3			200	e				320	320				
	36	44/52	670	100		570	1,5			50	e					100				Tannlege
	37	44/7,163	900	330	50	520	2			200	e				280	100				
	38	44/37	350	120	100	130	2,5			240	bf									
	39	44/452	575	140	100	335	2			240	p				240					Står delvis tomt
	40	44/38,39	250	55	60	135	2,5						110							
	41	44/2	240	75	25	140	1,5			75		25			75					Står tomt
	42	44/35,91, 283	430	80	90	260							80		80					Bakeri
	43	44/48	540	140	300	100	2,5			75	e		140		140		300			2. etg. feriehus
	44	44/187	335	120		215	1,5			120	bf					75				Tannlege
	45	44/36	1300	1200		100	1.-2.-3.			150	e				2000	400	100			Moengården
	46	44/373	330	130	40	160	2			200	f				130					
	47	44/103	680	80	35	565	1,5	120	bf											
	48	44/101	270	100	50	120	1,5	150	p ?											
	49	44/47	480	420		60	2.-3.			150					550					Leiligh. ubebodd
	50	44/437	280	80		200	1,5			120	f					30				
	51	44/5	600	100	35	465	1,5	150	p											
	52	44/162	240	100		140	1,5	150	f											
	53	44/46	560	440		120	2								880					Står tom
	54	44/346	240	140		100	2,5									290				
	55	44/93	560	100	25	435	2					100			100					Står tom
	56	44/345	220	70		150	2		f	140										
	57	44/31-f9	400	60	30	310	1,5	80	p											
	58	44/344	220	60	20	140	1,5	80												
	59	44/31-f3	680	260		420	1,5-2,5			100					260	100				
	60	44/351	500	350		150	2								70	420		140		
	61	44/482	350	65	35	250	1,5	100	bf											
	62	44/1-f9	300	95		205	1,5	140												Står tom
	63	44/99	670	0		670														
	64	44/40	350	120	35	195	2,5			150	bf				100					
	65	44/95	1000	350		650	1.-2.			200	p				350					
	66	44/1	360	0		360														
	67	44/1-f3	620			620	1,5	150	f											
	68	44/1	360	0		360														
	69	44/68,129	850	75	40	735	1,5	150	bf											Står tom
	70	44/34	1000	150	80	770	1,5	250												Eld kyrkje
	71	44/30		400												400				
SUM			83760	21725	2430	59630		5155		5355				12610	5415	3365		1760		

AREALBRUK I SENTRUM

Generelt

Vi har på side 12 skissert potensialet for fortetting i sentrum. Det er i arealberekninga teke med ei moderat utfylling på sjøarealet vest for Sjøgata. Nedanforstående tabell viser denne arealreserven samanlikna med noverande arealbruk i sentrum:

	Bebygd areal Grunnflate m2	Bustad Golvareal m2	Forretning, kontor, service, industri. Golvareal m2
Noverande situasjon	24150	10500	23150
Mogleg tilleggsareal mellom Lotevegen og Sjøgata	7350	7950	8000
Mogleg tilleggsareal vest om Sjøgata	6200	2750	15300
Sum tilleggsareal	13550	10700	23300

Vi ser at det ligg ein betydeleg arealreserve mellom Lotevegen og Sjøgata. Bustadarealet kan aukast med ca. 75% og næringsarealat med ca. 34%. Inkluderer ein ei moderat utfylling vest for Sjøgata kan både bustad- og næringsarealet doblast i forhold til noverande situasjon.

Utviklinga framover:

Ved endring av gjeldande areal- og reguleringsplanar i Nordfjordeid sentrum, må det takast stilling til i kor stor grad ein ønskjer å fortette noverande bustad- og forretningsareal. Ein må meine noko om kor mange år fram i tid ein skal planlegge for, og såleis få fram arealbehovet innanfor ein definert tidshorisont. Framtidig behov vil også innebere at ein må legge til rette areal for verksemdar som treng større tomter enn kva som er mogleg å få til gjennom fortetting. Dette kan innebere at ein må ta i bruk delar av sjøarealet vest for Sjøgata. I motsett fall kan desse etableringane søke ut av sentrum.

Det kan neppe seiast å vere mangel på areal i sentrum. Likevel er det slik at eigedomstilhøve og mangel på politisk vilje til å styre utviklinga kan føre til stagnasjon.

I ein slik situasjon er det nærliggande å ta i bruk nye areal. I Nordfjordeid sentrum har ein fleire mulegheiter. Arealpotensialet er stort. Det er viktig å meine noko om kva for type by ein vil fram til.

Kva type utbygging skal lokalisrast til dei ulike områda ?

Det er vesentleg å velge kva type næringsutbyggingar som skal ligge sentrumsnært . Dette kan vere næringar som tilfører sentrum nødvendige funksjonar, liv etc. (positiv dynamikk)

Det blir truleg nødvendig å plassere produsjonsverksemdar og andre plasskrevjande etableringar lenger aust i Eidsdalen.


Utbyggingar i områda Hjelle - Mogrenda - Nord - Bjørlomona kan på lengre sikt bli nødvendige. Etableringar her vil vere med på å styrke Hjelle skulekrins som bu- og arbeidsoråde i Eid kommune.

I Nordfjordeid sentrum har ein framleis mulegheit for å skape/gjenskape den nære kontakt med fjorden - det er mogleg å gjenskape strandstaden Nordfjordeid - ein vakker by lokalisert til fjorden.

Ein bør vurdere å legge eit nytt bustadområde mot fjorden for å gjenskape den identitet som var så spesiell for Nordfjordeid.


Dette vil innebere at ein tek i bruk delar av sjøarealet vest for Sjøgata (sjå idéskisse til utbygging på side 14). Arealet kan byggast ut som eit kombinert nærings- og buområde.

Produksjon, verkstad, lager m.m. PVL




Av skjemaene framgår det at bebuarane i sentrum i høg grad består av einslege og pensjonistar, medan barnefamiliar bur utanom.

Dette skyldast m.a. for små og utidsmessige bustadar. Restaurering, modernisering og utbygging av bustadar trengs for å få ei blanda, levande og triveleg busetting i Nordfjardeid sentrum.




HANDEL OG SERVICE I SENTRUM




MOGLEG UTBYGGINGSAREAL I SENTRUM

 Mogeleg utbyggingsareal
til bustadar og næringsverksemd.

OMRÅDE nr.	GRUNNFLATE BYGGNING m ²	ETASJE- TAL	GOLVAREAL m ²	BUSTAD m ²	NÆRING m ²
1	500	2,5	1250	750	500
2	400	1,5	600	600	
3	600	2,5	1500	600	900
4	1200	2,5	3000	600	2400
5	150	2,5	375	75	300
6	500	2,5	1275	1275	
7	1800	1,5	2700		2700
8	550	2,5	1375	825	550
9A	200	2,5	500	100	400
9B	250	1,5	375	125	250
10	1200	2,5	3000	3000	
Sum aust for Sjøgata	7350		15950	7950	8000
11	1800	3	5400		5400
12	1800	3	5400		5400
13	1500	3	4500		4500
14	500	2,5	1250	1250	
15	600	2,5	1500	1500	
Sum total	13550		34000	10700	23300





KONSEKVENSAV UTBYGGING

A:

Spreiing av publikumsorientert næringsverksemd langs Lotevegen og vidare vekk frå dei sentrale delar av Nordfjordeid, vil tappe energi frå det gamle handelssentrum. Konsekvensen vil vere butikkdød i Eidsgata - og tap av det miljø som gjer Nordfjordeid sentrum forskjellig frå alle andre tettstadar.


Ein slik prosess kan observerast andre stadar i Norge.

Vi tilrår at ein vurderer nøye om dette er ynskjeleg for Nordfjordeid som handelsstad.


B:

Ved å konsentrere utbygging av publikumsorientert næringsverksemd og bustadar omkring Eidsgata og Sjøgata, kan eit dynamisk og levande sentrum utviklast.

Ein må vurdere nøye kva for type næringsverksemd som er ynskjeleg for dette formål.




IDÉSKISSE TIL UTBYGGING MOT SJØ




EIN VESENTLEG DEL AV NORDFJORDEID SIN IDENTITET SOM STRANDSTAD ER GÅTT TAPT

DET ER YNSKJELEG Å VINNE DENNE IDENTITETEN TILBAKE, OG DET ER - I MOTSETNAD TIL MANGE ANDRE STADAR - ENNO MOGLEG.

EI MODERAT UTFYLLING MED BUSTADBYGGING MOT FJORDEN OG OPPARBEIDING AV EI SMAL STRAND TIL OFFENTLEG STI OG NYE NAUST VILLE GJENSKAPE EID-IDENTITETEN I MODERNE UTGÅVE.



NYE NÆRINGSBYGG PLASSERT INNTIL SJØGATA. Sjøgata vert på den måten eit gaterom. Avstanden til parkeringsplassar aust for Sjøgata og til forretngane i Eidsgata vert kort. Situasjonen vert trivelegare for publikum enn om forretningane låg lenger ute på den nye fyllinga.



BYGNINGANE KAN FORMAST SLIK AT VIND NATURLEG VERT LØFTA OVER.

Bustadbygging mot fjorden vil - sett frå vest - dempe inntrykket av dominerande forretningsfasadar på det nye næringsarealet langs Sjøgata

MOGLEG UTBYGGINGSAREAL

Vi peikar på nokre areal som allereie er eller blir vurdert som utbyggingsareal for bustadar og næring. Dessutan peikar vi på nokre område som sannsynlegvis vil bli sett under sterkt press med ynskje om næringsbygg fordi dei ligg inn til Rv 15.

Meir djuptgåande vurderingar om framtidig arealbruk forutset gjennomføring av Stadanalysen - fase 2, der det vert teke stilling til kulturelle-, miljømessige-, tekniske- og estetiske forhold som talar for eller imot den eine eller andre form for utnytting.

I denne fasen (del 1) kan vi kun reise nokre spørsmål som krev nærare utgreiing.


- | | | | |
|---|---|----|--|
| 1 | Område med næringsverksemd
Mindre utfylling kan gje nye moglegheiter. | 7 | Fortetting er mogleg
Større areal er ledige |
| 2 | Næringsareal
Er heilt utbygd | 8 | Fortetting er mogleg
Forsiktig utfylling kan gje nye moglegheiter |
| 3 | Fortetting er mogleg.
Fortetting med bustadbygg er mogleg.
Evt. ny bruk af næringsbygg | 10 | Område med næringsverksemd
Fortetting med næringsbygg kan vere ei moglegheit |
| 4 | Blanda bustad og næringsareal
Einskilde tomter ledige | 9 | Næringsareal
Ledigt areal |
| 5 | Blanda bustad og næringsareal
Einskild tomt ledig | 10 | Næringsareal forbehold service
Planlægging af bygg pågår |
| 6 | Einskildtomter kan utbygges
Fortetting med bustadbygging bør vurderast. | 11 | Område med næringsverksemd
Fortetting med næringsbygg kan være ei moglegheit |



- 1 **Utfylling under vurdering.**
Ein bør søke ei betre løysing - ei løysing som tilgodeser både utbyggingsareal og oppattbygging av den strandtilkomst som er gått tapt.
Ein bør studere andre tettstadar sine utbyggingar i sjøkanten bør studerast - er det slik ein ynskjer det på Nordfjordeid - eller kan det gjerast betre ?
- 2 **Regulert til bustadbygging.**
Omsynet til gammalt kulturlandskap (Eid-identitet) bør vurderast.
- 3 **Evt. utfylling til næringsbygg.**
- 4 **Regulert til næring**
- 5 **Areal som i framtida vil bli pressa til næringsverksemd.**
Kva er ynskjeleg å plasere her i forhold til sentrumsutvikling ? Kva for nokre omsyn bør takast til kulturlandskapet - og ikkje minst - til landbruksnæringa

Der bør vurderast andre alternativ til plasskrevande produksjon og annan industri. Evt. lengre aust i Eidsdalen.

Det bør under alle høve innførast at ein stiller krav til den estetiske utforming av overgangen mellom næringsareal og tilgrensande område - evt. i form av grønt belte.



PARKERING

Parkering innanfor — — — — —



PARKERINGSREGISTRERING VEKE 27, 29, 32 - 1995

Nøyaktige tal etter teljingane forelegg i egne rapportar.


Ut frå antal registrerte parkerte bilar har ein rekna ut gjennomsnittstal for følgjande tider i veka:

F: kvardag formiddag

E: kvardag ettermiddag

L: laurdag middag

P: Viser antal opparbeidde/tilgjengelege parkeringsplassar for kvart område.



KOMMENTAR:

I områda A og E, dei mest brukte handelsområda, er 50 % utnytta på kvardagar, og opp mod 100 % utnytta på laurdagar. Der trengs ei betre fordeling av langtids- og korttidsparkering.

Områda B og F, Eidsgata, har ikkje fleire parkerte bilar enn at dei like gjerne kunne parkere på andre plassar som ligg like tett ved målet.

Område G får større P-behov med nytt handelsbygg, men samtidig dekker ein Tverrgata sitt framtidige bustadsparkeringsbehov. Dei planlagde 100 plassane er kanskje i overkant, fordi handels- og bustadsparkering avløyser kvarandre tidsmessig.

Områda C og D, omkring Rutebilstasjonen og Rådhuset er utnytta 100 %, mest til langtidsparkering. Organiserert korttidsparkering til kundar bør kanskje vurderast.

Område H, bustadsparkering, er dekt av parkeringsplassen aust for Eidsgata ved gravhaugen.

Område I er svært lite utnytta på kvardagar, men dekker kyrkja sitt behov, samtidig med at det tener som turistbusshaldeplass og som reserve P-areal.

Nordfjordeid
B29 167

Registreringsskjema parkering Nordfjordeid sentrum

Gjennomsnitt veke 27, 29, 32 og 23/12-95

F=føremiddag, E=ettermiddag

Område:	Bilar: Mandag F.	Bilar: Mandag E.	Bilar: Tysdag F.	Bilar: Tysdag E.	Bilar: Onsdag F.	Bilar: Onsdag E.	Bilar: Torsdag F.	Bilar: Torsdag E.	Bilar: Fredag F.	Bilar: Fredag E.	Bilar: Laurdag	Antal plassar	Snitt total	Utnyttelse %	Snitt F.	Snitt E.	Absolutt max	Absolutt min
A1	31	42	24	30	32	40	29	46	29	53	66		38		29	42	75	17
A2	29	28	27	24	26	27	28	31	24	28	33		28		27	27	36	19
A3	14	19	14	12	14	14	11	16	13	17	18		15		13	16	20	8
A4	6	11	7	5	6	8	4	8	5	11	27		9		6	8	40	0
A5	1	1	1	1	1	0	1	1	1	1	1		1		1	1	2	0
SUM	81	101	72	71	79	89	73	102	72	110	145	178	91	51	76	95		
B1	0	0	0	2	2	2	0	0	0	0	0		1		0	1	7	0
B2	5	5	3	6	4	4	6	6	5	6	7		5		4	5	11	0
B3	3	0	0	0	0	0	0	0	0	1	1		0		1	0	8	0
SUM	8	5	3	8	7	6	6	6	5	7	7	Ca 30	6	21	6	6		
C1	5	7	4	6	4	4	4	5	4	6	8		5		4	5	13	2
C2	4	5	5	6	4	5	4	4	6	4	3		5		5	5	10	0
C3	8	9	9	13	10	12	14	12	9	12	16		11		10	12	17	3
C4	18	21	23	21	21	23	20	25	22	22	26		22		21	22	32	5
C5	8	5	9	3	5	5	7	7	7	6	8		6		7	5	13	0
C6	4	6	4	5	6	5	4	7	6	6	8		6		5	6	11	2
SUM	47	53	54	53	50	55	53	61	53	57	68	59	55	93	52	56		
D1	5	5	3	2	2	3	3	3	4	3	2		3		3	3	8	0
D2	5	4	4	5	6	5	7	5	6	7	5		5		6	5	10	2
D3	53	41	41	23	43	33	38	35	35	20	15		34		42	30	63	10
D4	4	4	3	2	4	2	4	3	5	3	3		3		4	3	8	0
D5	1	1	3	1	1	1	0	2	0	0	0		1		1	1	8	0
D6	14	15	10	11	11	14	12	17	11	12	12		13		12	14	23	2
SUM	82	70	64	44	67	58	65	65	60	44	36	99	60	60	68	56		

Registreringsskjema parkering Nordfjordeid sentrum

Gjennomsnitt veke 27, 29, 32 og 23/12-95

F=føremiddag, E=ettermiddag

Område:	Bilar: Mandag F.	Bilar: Mandag E.	Bilar: Tysdag F.	Bilar: Tysdag E.	Bilar: Onsdag F.	Bilar: Onsdag E.	Bilar: Torsdag F.	Bilar: Torsdag E.	Bilar: Fredag F.	Bilar: Fredag E.	Bilar: Laurdag	Antal plassar	Snitt total	Utnyttelse %	Snitt F.	Snitt E.	Absolutt max	Absolutt min
E1	9	8	5	9	5	7	7	8	6	9	27		9		7	8	39	1
E2	38	46	32	41	39	35	31	39	31	49	48		39		34	42	55	20
E3	3	0	1	0	0	4	0	1	0	0	3		1		1	1	13	0
E4	12	13	10	13	12	10	10	12	9	14	15		12		11	13	23	4
E5	1	2	0	1	0	0	1	1	1	1	1		1		1	1	5	0
E6	6	6	9	9	10	9	7	11	7	15	20		10		8	10	30	3
E7	20	31	13	17	15	16	13	18	15	15	28		18		15	19	47	2
E8	3	1	1	3	4	3	1	2	5	3	4		3		3	2	9	0
E9	4	1	6	2	1	1	3	2	1	1	2		2		3	2	10	0
SUM	96	110	77	97	87	86	73	94	77	107	146	215	95	44	82	99		
F1	9	10	8	8	9	12	8	12	7	11	6		9		8	11	17	2
F2	9	8	6	8	6	7	7	7	4	6	7		7		6	7	17	0
F3	3	4	1	3	3	2	1	2	2	3	2		2		2	3	6	0
SUM	20	22	15	19	18	21	16	22	14	19	15	Ca 20	18	92	17	21		
G1	4	3	2	3	3	2	2	3	2	6	2		3		2	3	15	0
G2	3	4	4	4	2	2	2	2	4	3	2		3		3	3	8	0
G3	1	1	2	2	2	2	2	0	1	1	1		1		2	1	5	0
G4	12	9	10	11	12	11	12	11	13	9	11		11		12	10	19	5
SUM	20	18	18	19	18	16	18	16	19	19	15	109	18	16	19	18		
H1	4	4	3	3	1	2	1	2	2	2	2		3		2	3	8	0
SUM	4	4	3	3	1	2	1	2	2	2	2	Privat	3		2	3		
I1	6	5	6	8	7	5	6	7	6	7	8		6		6	6	12	0
I2	7	5	4	5	5	5	5	6	4	4	13		6		5	5	37	1
I3	2	4	3	2	6	3	2	2	6	2	2		3		4	3	13	0
SUM	15	14	13	15	18	13	13	14	15	13	22	141	15	11	15	14		
Sum total	374	397	318	330	345	346	319	383	317	380	456	960	360	38	335	367	494	260

KONKLUSJON:

Der er 1000 parkeringsplassar i Eid sentrum (vest for Lotevegen). På kvardager er max. 400 i bruk. Heller ikkje på spesielle dagar som Eidadagane er alle parkeringsplassane i bruk. I tillegg har ein innan rimeleg kort gangavstand parkeringsplassane ved posten og idrettshuset som ikkje er med i denne analysen.

Det må seiast å vere rikeleg med parkeringsmulegheiter, men det kan trengast at heildagsparkeringa viser omsyn og plasserer seg noko lenger vekk frå dei plassane der handelsparkeringa ynskjer seg fram.

Fordelinga av langtids- og korttidsparkering kunne bli betre om trafikken vart leia gjennom Sjøgata istadenfor gjennom Eidsgata.

Den store trafikken i Eidsgata skyldast i større grad søking etter P-plass ved Domus og Moengården enn ynsket om å få parkere i gata.

Gjeldande parkeringsnorm ved utbyggingar i Nordfjordeid sentrum set krav om 1 p.plass for kvar 50m² forretningsareal/kontorareal.

1000 p.plassar tilsvarar 50000m² forretnings- og kontorareal.

Analysen viser at ein i sentrumsområdet har ca. 21000m² utbygt areal av denne type. Etter den same normen skulle dette kreve 420 p.plassar.

Parkeringsregistreringa at max. 400 p.plassar er i bruk på kvardagar. Altså er det rimeleg godt samsvar mellom normen (1:50), parkeringsteljinga og registrert næringsareal.

Dei ca. 600 p.plassane som er bygde utover det rgistrerte behovet representerer ein stor kostnad for Eid kommune og i neste omgang for dei næringsdrivande som må betale refusjon.


Evt. krav om nye parkeringsareal i samband med vidare utbygging i Nordfjordeid sentrum må sjåast i lys av dette. Så langt har ein i sentrum hatt rikeleg med areal. Areal må i framtida sjåast på som ein ressurs som ein ikkje kan sløse med. Ein må gå inn og vurdere parkeringsdekninga samla innanfor areal som naturleg høyrer saman istaden for å bruke parkeringsnormen isolert sett for kvar einskild tomt. Slik vil ein på sikt kunne få ei betre tilpassing mellom tilbod på- og etterspørsel etter p.plassar.

Ein bør samtidig sjå på korleis dag-, kvelds- og nattparkeringa avløyser kvarandre. Talet på plassar kan truleg reduserast ytterlegare pga. at det på denne måten vert frigjort plassar.


Parkeringsanalysen viser at dei utbygde parkeringsareala langs Sjøgata kan betjene eit langt større publikum enn det som er tilfelle i dag.

Dette bør utnyttast i ei framtidig utbygging, slik at Eidsgata kan utvikle sitt fulle potensiale som Gata der ein kan gå og handle og møtast, samstundes med at størsteparten av forretningar og service er innanfor behageleg gangavstand fra parkeringsplassen.


I Fase 2 av Stadanalysen vil Trafikk (gang- og køyretrafikk) vere eit tema som må få si endelege avklaring.



Av trafikktejljninga ser ein at max. 25 av 400 bilar parkerte i Gata.
Bilane brukar først og fremst Eidsgata til å leite etter parkeringsplass.



Parkeringsplassar kan utan vanskar finnast langs Sjøgata med same avstand til forretningane.



Ei løysing der berre den sentrale del av Eidsgata vert stengd for biltrafikk kan vere ei av fleire moglegheiter som bør nærare avklarast.